



Prop. 1 S

(2010–2011)

Proposisjon til Stortinget (forslag til stortingsvedtak)

FOR BUDSJETTÅRET 2011

Svalbardbudsjettet

Innhold

Del I

Innleiing	7
1 Innleiing	9
1.1 Generelt om Svalbard	9
1.2 Bakgrunnen for eit eige svalbard- budsjett	9
2 Mål for norsk svalbardpolitikk	11
2.1 Heilskapleg og konsistent politikk for polarområda	12
2.1.1 Samordne og koordinere regjeringas politikk for polarområda	12
2.1.2 Sikre ei god statleg forvaltning på Svalbard gjennom Sysselmannen	14
2.1.3 Legge til rette for at lokaldemokratiet fungerer og at det framleis er eit robust lokalsamfunn i Longyearbyen	15
3 Forslag til svalbardbudsjett for 2011	17
4 Forslag til løyvingar til svalbard- formål frå andre departement over statsbudsjettet (jf. vedlegg 1)	18
4.1 Miljøverndepartementet	18
4.2 Nærings- og handelsdepartementet	19
4.3 Kunnskapsdepartementet	23
4.4 Finansdepartementet	25
4.5 Samferdselsdepartementet	26
4.6 Barne-, likestillings- og inkluderings- departementet	27
4.7 Helse- og omsorgsdepartementet	27
4.8 Fornyings-, administrasjons- og kyrkjedepartementet	27
4.9 Kulturdepartementet	28
5 Oversikt over forslag til løyvingar på svalbardbudsjettet for 2011	29

Del II

Dei enkelte utgifts- og inntektskapitla	31
Kap. 0001 Svalbard kyrkje	33
Kap. 0002 Tilskot til kulturelle formål m.m. ..	33
Kap. 0003 Tilskot til Longyearbyen lokalstyre	33
Kap. 0004 Tilskot til Svalbard museum	35
Kap. 0005 Sysselmannen (jf. kap. 3005)	35
Kap. 3005 Sysselmannen (jf. kap. 5)	36
Kap. 0006 Sysselmannens transportteneste (jf. kap. 3006)	36

Kap. 3006 Sysselmannens transportteneste (jf. kap. 6)	37
Kap. 0007 Tilfeldige utgifter	37
Kap. 0009 Kulturminnetiltak	37
Kap. 0011 Direktoratet for mineralforvaltning med Bergmeisteren for Svalbard ..	38
Kap. 0017 Refusjon til Norsk Polarinstittutt	38
Kap. 0018 Fyr og radiofyr	38
Kap. 0019 Statens bygningar på Bjørnøya og Hopen	39
Kap. 0020 Statens bygningar i Longyearbyen (jf. kap. 3020)	39
Kap. 3020 Statens bygningar i Longyearbyen (jf. kap. 20)	40
Kap. 0022 Likningsforvaltninga for Svalbard .	40
Kap. 3030 Skattar og avgifter	40
Kap. 3035 Tilskot frå statsbudsjettet	41

Forslag til vedtak om løyving av utgifter og inntekter for administrasjonen av Svalbard for budsjetterminen 2011 43

Forslag til vedtak om formues- og inntektsskatt mv. til Svalbard for inntektsåret 2011 45

Forslag til vedtak om bestillings- fullmakt for budsjetterminen 2011 46

Forslag til vedtak om meirinntekts- fullmakt for budsjetterminen 2011 46

Forslag til vedtak om avgift av kol som blir utført frå Svalbard for budsjetterminen 2011 47

Vedlegg 1

Oversikt over forslag til utgifter på Svalbard som blir dekte over statsbudsjettet for 2011 .	48
--	----

Vedlegg 2

Oversikt over forslag til inntekter til Svalbard som inngår i statsbudsjettet for 2011	50
---	----

Vedlegg 3

Kart over Svalbard	51
--------------------------	----



Prop. 1 S

(2010–2011)

Proposisjon til Stortinget (forslag til stortingsvedtak)

FOR BUDSJETTÅRET 2011

Svalbardbudsjettet

*Tilråding fra Justis- og politidepartementet av 17. september 2010,
godkjend i statsråd same dagen.
(Regjeringa Stoltenberg II)*

Del I
Innleiing

1 Innleiing

1.1 Generelt om Svalbard

Svalbard omfattar alle øyar, holmar og skjer mellom 10 og 35 grader austleg lengd og 74 og 81 grader nordleg breidd. Samla landareal er om lag 61 020 km². Territorialfarvatnet rundt Svalbard vart utvida frå 4 til 12 nautiske mil frå 1. januar 2004. Rundt 60 pst. av øygruppa er dekt av isbrear. Med sine 39 000 km² er Spitsbergen den største av øyane.

Svalbardtraktaten av 9. februar 1920 gav Noreg suverenitet over øygruppa. Sidan 1925 har Svalbard vore ein del av kongeriket Noreg. Sysselmannen er regjeringas øvste representant på Svalbard og tek vare på statens interesser på øygruppa.

Etter svalbardlova § 2 gjeld norsk privatrett, strafferett og lovgivinga om rettspleia utan vidare for Svalbard om ikkje anna er fastsett. Andre lover gjeld ikkje utan når det er fastsett særskilt.

Det kan òg givast særskilte føresegner for Svalbard.

Størsteparten av busetnaden på Svalbard ligg på øya Spitsbergen. I tillegg bur det folk ved dei meteorologiske stasjonane på Hopen og Bjørnøya. Longyearbyen er det administrative senteret på Svalbard og den største busetnaden. I følgje befolkningsregisteret for Svalbard er det per. 1. september 2010 totalt 2 041 busette i Longyearbyen. I Barentsburg er det registrert 491 busette. Busetnaden der er bygd opp rundt koldrifta til det russiske selskapet Trust Arktikugol. I Ny-Ålesund er all verksemd knytt til forsking og forskingsservice. I følgje befolkningsregisteret er det til saman 43 heilårs busette der. Ved den polske forskningsstasjonen i Hornsund er det registrert 9 heilårs busette. Som ein ser av tabellen har det vore ein kontinuerleg vekst i befolkninga i Longyearbyen fram til 2010 då vi ser ein nedgang. For nærmere omtale av denne utviklinga, sjå pkt. 2.1.3.

Tabell 1.1 Befolkingstal 2002-2010 (Befolkningsregisteret – Svalbard skattekontor)

	2002	2003	2004	2005	2006	2007	2008	2009	2010
Longyearbyen	1678	1773	1831	1932	1905	2018	2068	2112	2041
Ny-Ålesund	34	35	33	36	37	37	41	37	43
Barentsburg	939	913	812	717	448	525	440	417	491

1.2 Bakgrunnen for eit eige svalbardbudsjett

Artikkkel 8 i Svalbardtraktaten avgrensar høvet til å krevje inn skattar og avgifter på Svalbard og korleis desse midlane skal nyttast. Dette er bakgrunnen for at det blir fremja eit eige svalbardbudsjett.

Justisdepartementet fremjar svalbardbudsjettet som ein eigen budsjettproposisjon samtidig med statsbudsjettet. I hovudsak er det den statlege administrasjonen av Svalbard som er finansiert over svalbardbudsjettet. Dette er dels verksemd på Svalbard underlagt Justisdepartementet, og dels verksemd underlagt andre fagdepartement.

Longyearbyen lokalstyre får òg løyingane sine over svalbardbudsjettet.

Kvar år blir det gitt eit tilskot frå statsbudsjettet til dekning av underskotet på svalbardbudsjettet, jf. Prop. 1 S (2010-2011) Justisdepartementet kap. 480. Tilskotet er inntektsført på svalbardbudsjettet kap. 3035.

Svalbardbudsjettet gir òg ei samla oversikt over statlege løyingar til svalbardformål. Kvar år yter staten eit tilskot for å leggje til rette for nasjonal og internasjonal forsking på Svalbard, miljøforvaltning og tiltak som til dømes drift av sjukehus i Longyearbyen. Slike utgifter blir dekte over det ordinære statsbudsjettet under kapitla til dei enkelte fagdepartementa. Forslag til løyingar for

2011 er omtalt nærmare under punkt 4 nedanfor, jf. også vedlegg 1.

Under behandlinga av St.meld. nr. 22 (2008–2009) Svalbard, slutta Stortinget seg til forslaget om å føre vidare ordninga med eit eige svalbardbudsjett. Justisdepartementet vil også i året som

kjem sjå nærmare på enkelte av kapitla i budsjettet for å sjå til at dei ulike tildelingane er best mogleg i samsvar med kapitlas formål. Frå og med 2010 vart blant anna kap. 4 Tilskot til Svalbard Museum oppretta.

2 Mål for norsk svalbardpolitikk

Overordna mål

Regjeringas overordna mål for svalbardpolitikken har lege fast i lang tid og vart seinast stadfesta i St.meld. nr. 22 (2008-2009) Svalbard. Desse måla er:

- ei konsekvent og fast handheving av suvereniteten
- korrekt overhalding av Svalbardtraktaten og kontroll med at traktaten blir etterlevd
- bevaring av ro og stabilitet i området
- bevaring av den særeigne villmarksnaturen i området
- oppretthaldning av norske samfunn på øygruppa.

Det er brei politisk semje om hovudmåla i svalbardpolitikken. Historia har vist at ei forvaltning av øygruppa etter desse måla har vore vellykka.

Måla fell inn under dei generelle måla i norsk politikk om å sikre nasjonal tryggleik og integritet, overhalde internasjonale rettsreglar og plikter og arbeide for internasjonal avspenning og fred. Måla har sikker forankring i nasjonale interesser og haldningar, og er i samsvar med dei traktatbundne pliktene Noreg tok på seg då suvereniteten over øygruppa vart internasjonalt akseptert. Måla tener derfor til å møte dei internasjonale forventningane som blir stilte. I ei tid då Arktis tiltrekkjer seg aukande interesse, skal svalbardpolitikken medverke til at utviklinga i nordområda kan skje på ein fredeleg måte, og til at konfliktar blir unngått.

Tabell 2.1 Hovudmål og delmål for Justisdepartementet

Hovudmål	Delmål
Heilskapleg og konsistent politikk for polarområda	<ol style="list-style-type: none"> 1. Samordne og koordinere forvaltingas politikk for polarområda 2. Sikre ei god statleg forvaltning på Svalbard gjennom Sysselmannen 3. Legge til rette for at lokaldemokratiet fungerer og at det framleis er eit robust lokalsamfunn i Longyearbyen

Det er viktig å sjå måla i samanheng. Det må vere ei konsekvent handheving av norsk suverenitet innafor ramma av føresegnene i traktaten. Dette har vore ein føresetnad for at dei andre traktatpartane har tillit til at øygruppa ikkje blir utnytta i strid med desse føresegnene.

Gjennom St.meld. nr. 22 (2008-2009) Svalbard, vart det gjort ein heilskapleg gjennomgang av svalbardpolitikken for mange år framover. Det blir framleis lagt opp til ei stabil og føreseieleg myndighetsutøving og god samfunnsutvikling på øygruppa innafor ramma av dei overordna måla i svalbardpolitikken.

Det er nedfelt i «Politisk plattform for fleirtalsregjeringa» at Regjeringa ser nordområda som Noregs viktigaste strategiske satsingsområde i utanrikspolitikken i åra som kjem, og Regjeringa har i den samanhengen utarbeidd ein eigen strategi for nordområda. Nordområdestrategien er langsiktig og prega av samordning og samarbeid, og omfattar fleire departement sine ansvarsområde.

Svalbard er ein viktig del av nordområda våre, og ei vedvarande satsing på Svalbard i tråd med måla for norsk svalbardpolitikk vil markere at Noreg er til stades i nordområda.

Hovudmål og delmål

Justisdepartementet har følgjande hovudmål og delmål for sitt arbeid med polarsaker:

2.1 Heilskapleg og konsistent politikk for polarområda

Regjeringa la våren 2009 fram St.meld. nr. 22 (2008-2009) Svalbard. Det har skjedd ei betydeleg utvikling på Svalbard sidan førre stortingsmelding om Svalbard blei lagt fram i 2000. Blant anna er det etablert lokaldemokrati og det har vore ein auke i aktivitetsnivået innan dei fleste områda, inkludert forsking og turisme som er to av dei pilarane svalbardsamfunnet er tufta på.

Eit hovudmål for svalbardpolitikken er å oppretthalde ei robust busetjing i Longyearbyen, og i meldinga slår ein fast at det framleis er koldrifta som er den viktigaste berebjelken i familiesamfunnet her. Utviklinga den siste tida kan rett nok tyde på ei utflating av veksten i Longyearbyen, så Regjeringa ser det som viktig å følgje utviklinga nøy framover.

Å vere til stades på Svalbard bidreg til å sikre ei truverdig og effektiv forvaltning av Noregs store land- og sjøområde. Regjeringa ønskjer ei robust busetjing i Longyearbyen og vil derfor arbeide for å vidareføre eit levedyktig svalbardsamfunn der miljøforvaltning, forsking, koldrift og reiseliv blir foreina innafor rammer som sikrar at øygruppa blir teken vare på som eitt av verdas best forvalta villmarksområde.

Det er venta at temperaturane i Arktis vil stige dobbelt så raskt som det globale gjennomsnittet. Endringane vil gi nye utfordringar for arter og økosystem og samstundes kunne bidra til press på område gjennom auka tilgjenge. Eit anna hovudtema for meldinga er korleis ein skal handtere den auka ferdselet frå blant anna turisme og forsking.

Klimaendringane i Arktis og den betydinga desse endringane har for det globale klimaet, gjer at Svalbard framover blir eit viktig område for studium av klimaprosessar og konsekvensar av klimaendringane. Kunnskap vert omtalt som navet i Regjeringas nordområdestrategi, og Svalbard si rolle som plattform for norsk og internasjonal forsking, kunnskap og utdanning var eit av hovudtema i svalbardmeldinga.

Klimaendringane gir også høve til moglegheiter og forventningar om aktivitetsauke i nord. Eit varmare polhav vil bidra til at fiskeriaktivitetane flyttar nordover. Mindre is vil også på sikt kunne opne nye ruter for den internasjonale skipsfarten mellom aust og vest. I svalbardmeldinga er det framheva at Longyearbyen vil kunne få auka betydning blant anna som base for rednings- og forureningsberedskap i dei nordlege havområda. Dette

vart forsterka gjennom Stortingets behandling av meldinga.

Svalbard har ein unik natur- og kulturarv som norske myndigheter har eit særskilt ansvar for å bevare, og all næringsverksemd, ressursutnytting og forsking skal skje innafor dei rammer omsynet til bevaring av Svalbards naturmiljø og kulturminne set. Samstundes er det også viktig å behalde naudsynt handlefridom framover, med tanke på å kunne møte nye utfordringar og nytte dei til ei kvar tid beste verkemidla i forvaltninga av øygruppa.

Generelt om verkemidla i svalbardpolitikken

For å nå hovudmåla i svalbardpolitikken og dei delmåla som er nemnde over, har styresmaktene eit sett av verkemiddel. Blant dei viktigaste verke midla er Det interdepartementale polarutvalet, lovgiving, løyingar over statsbudsjettet inkludert svalbardbudsjettet, Sysselmannen på Svalbard og lokal forvaltning gjennom Longyearbyen lokalstyre.

2.1.1 Samordne og koordinere regjeringas politikk for polarområda

Det interdepartementale polarutvalet

Justisdepartementet har gjennom leiinga av Det interdepartementale polarutvalet eit overordna koordineringsansvar når det gjeld Svalbard, Jan Mayen og bilanda i Antarktis. Dette reiser særskilte utfordringar som gjer det nødvendig å sjå dei enkelte fagetatane si verksemd i desse områda i samanheng og i eit breiare perspektiv. Polarutvalet fungerer i denne samanhengen som eit verktøy for Justisdepartementet, som gjennom dette utvalet har ansvaret for å koordinere og samordne forvaltingas arbeid med polarsaker for å sikre ein heilskapleg norsk politikk i polarområda.

Svalbardutvalet vart oppretta allereie i 1965. I 1971 vart ansvarsområdet utvida til også å gjelde Jan Mayen og bilanda i Antarktis. Namnet vart då endra til Det interdepartementale polarutvalet. Utvalet arbeider etter ein eigen instruks.

Polarutvalet består av representantar frå dei mest sentrale departementa i polarsamanheng, Norsk Polarinstitutt, Sysselmannen på Svalbard og Statsministerens kontor. Utvalet møtest om lag ti gonger i året.

Plikta til å leggje fram saker for Polarutvalet gjer at saker som vedkjem utanriks-, miljø-, ressurs-, forskings- og tryggleikspolitikken, saman med andre viktige saker, kan vurderast i saman-

heng og opp mot andre viktige omsyn i norsk svalbardpolitikk før det blir treft avgjerd i vedkommande fagdepartement. At saker blir lagt fram for Polarutvalet endrar ikkje vedkommande fagdepartments mynde til å treffe avgjelder eller det konstitusjonelle ansvaret til vedkommande fagstatsråd.

Saker skal leggjast fram for Polarutvalet før avgjerd blir treft i det aktuelle fagdepartementet, og utvalet kan då gi rådgivande uttale til det aktuelle departementet. Dersom det aktuelle departementet vil avgjere saka i strid med uttale frå Justisdepartementet eller Polarutvalet, skal saka leggjast fram for regjeringa.

Som ei oppfølging av merknadene frå utanrikskomiteen under behandlinga av St.meld. nr. 22 (2008-2009) Svalbard, om ei eventuell konsultasjonsordning mellom Longyearbyen lokalstyre og Polarutvalet, har utvalet etablert eit fast årleg kontaktmøte med lokalstyret. Saman med Justisdepartementets nære dialog med lokalstyret, vil dette bidra til å sikre ei tett kontaktflate mellom lokalstyret og sentraladministrasjonen.

Det interdepartementale polarutvalet er òg eit viktig verkemiddel for Justisdepartementet i arbeidet med å følgje opp stortingsmeldinga. Polarutvalet si rolle vil vere å halde seg orientert om dei ulike prosessane i fagdepartementa, og slik bidra til at dei særlege forholda som gjer seg gjeldande for Svalbard vert teke vare på og at initiativ vert tekne på dei områda som er framheva i meldinga.

Justisdepartementet og Polarutvalet har òg ansvar for koordineringa av regjeringas politikk for Jan Mayen og bilanda i Antarktis. Det internasjonale samarbeidet om Antarktis skjer innafor ramma av Antarktistraktaten og inneber årlege møte mellom traktatpartane. Lovgivingssituasjonen for dei norske bilanda i Antarktis er spesiell og krev særskilt vurdering i samband med lovgivningsarbeid. Justisdepartementet deltek årleg på møter i Antarktistraktatsamarbeidet. Justisdepartementet deltek dessutan i prosessane som går føre seg i regi av Arktisk Råd. Arktisk Råd er det einaste sirkumpolare samarbeidsorganet som omfattar alle dei arktiske landa. Noreg hadde i perioden 2006-2008 formannskapet i Arktisk Råd. Danmark overtok denne rolla frå hausten 2009. Oppfølging av klimaendringar og heilskapleg forvaltning av dei arktiske havområda, var to av hovudprioriteringane under det norske formannskapet. Framforhandling av ei ny multilateral avtale for søk og redning i Arktis, der Noreg spelar ei aktiv rolle, er ei av dei viktigaste sakene under det danske formannskapet.

Lovgiving

Regjeringa legg stor vekt på ei fornuftig samfunnsutvikling på Svalbard, i tråd med dei overordna måla i svalbardpolitikken. Lovgiving er eit viktig verkemiddel i så måte. Riksrevisjonen peika i sin forvaltningsrevisjon av Svalbard (Dokument nr. 3:8 (2006-2007)), på at Svalbard på nokre område synest å vere underregulert. Også utanrikskomiteen merka seg i si behandling av stortingsmeldinga om Svalbard at lovgiving er naudsynt for ei fornuftig samfunnsutvikling.

Regjeringa legg vekt på dette, og fleire sentrale lover har blitt gjort gjeldande for Svalbard dei siste åra, blant anna hamne- og farvasslova, konkurranselova og statistikklova.

Longyearbyen liknar på mange område, og i aukande grad, eit fastlandssamfunn, og ein må stadig oftare vurdere om regelverk for fastlandet òg skal gjerast gjeldande for Svalbard. Lovgivingstilhøva for Svalbard er likevel spesielle, og i lov 17. juli 1925 nr. 11 om Svalbard (svalbardlova) § 2, slår ein fast at norsk privatrett, strafferett og lovginga om rettspleia gjeld for Svalbard når ikkje anna er fastsett. Andre lovreglar gjeld ikkje for Svalbard, utan når det er særskilt fastsett. I svalbardmeldinga vart det drøfta om prinsippet i svalbardlova § 2 burde snuast, men ein kom fram til at systemet skal oppretthaldast. Utanrikskomiteen slutta seg ved behandlinga av meldinga til at prinsippet i svalbardlova § 2 ikkje skulle snuast, og at dette var ei hensiktmessig løysing, fordi rammeine for lokalsamfunnet er noko annleis enn for fastlandet. Dette vil likevel ikkje seie at nye lover og reglar ikkje skal innførast for Svalbard. Tvert om slår ein fast i meldinga at ny lovgiving for fastlandet skal innførast også for Svalbard, med mindre særlege tilhøve taler imot dette.

På nokre rettsområde er det naudsynt med ein eigen gjennomgang av regelverket for å vurdere om dette skal gjelde for Svalbard. Her må ein vurdere ei rekkje tilhøve, blant anna om det skal gjerast tilpassingar i høve til staden eller om det er nødvendig med overgangsordningar. I svalbardmeldinga er det peikt på nokre slike område, til dømes nærings- og selskapslovgivinga. Finansdepartementet arbeider no med å vurdere behovet for forskrifter om bruk av reknesakslova og bokføringslova på Svalbard. Dei andre delane av lovginga på dette området, blant anna aksjelova, revisorlova og stiftelseslova, vil bli vurdert i etterkant av dette arbeidet. Også innafor andre felt, som helselovgivinga, vil Helse- og omsorgsdepartementet vurdere om, og i tilfelle i kva mon, lovene skal gjerast gjeldande for Svalbard. Vidare er Justisdepartementet i gang med å vurdere om det er behov for å endra delen av lovreglane om selskapslovgivinga for Svalbard. Dette arbeidet vil bli gjort i etterkant av at de andre delane av lovreglane er vurdert.

tementet i gang med å sjå nærmare på enkelte rettssørsmål som gjeld utlendingar som oppheld seg på Svalbard, og ein vil vurdere om det er naudsynt med særlege reglar her.

Målsetjinga om ein robust norsk busetnad på Svalbard inneber òg skattepolitiske utfordringar. Skattesystemet på Svalbard må derfor tilpassast forholda på øygruppa og baserast på løysingar som sikrar konkurransedyktige rammevilkår for investeringar og verksemd på Svalbard. Samtidig må løysingane innpassast i ei større internasjonal ramme, under omsyn til at økonomiske transaksjonar over landegrensene aukar sterkt i omfang. Stortinget vedtok i 2008 endringar i skattesystemet for Svalbard. For særskilt høge inntekter (over 12 G) vert det trekt 22 pst. skatt. Skattesatsen for alminneleg inntekt på Svalbard (nærings- og selskapsskatt) er no 16 pst. For nærmare omtale av dette, sjå St.prp. nr. 1 (2007-2008) Svalbardbudsjettet, Ot.prp. nr. 1 (2007-2008) Finansdepartementet og St.prp. nr. 1 (2007-2008) Finansdepartementet.

Hausten 2008 vart det sendt på høyring forslag til enkelte andre endringar i skattesystemet for Svalbard. Forslaget til endringar vart utarbeidd av ei arbeidsgruppe leia av Finansdepartementet med deltaking frå Justisdepartementet, Nærings- og handelsdepartementet og Utanriksdepartementet. Høyningsfristen var 31. juni 2009. Dette arbeidet blir følgt opp gjennom forslag til lovendringar i St.prp. 1 LS (2010-2011).

2.1.2 Sikre ei god statleg forvaltning på Svalbard gjennom Sysselmannen

Sysselmannen på Svalbard er regjeringas øvste representant på øygruppa og ein av dei viktigaste aktørane i det lokale forvaltningsapparatet på Svalbard og i forvaltinga av dei statlege interessene på øygruppa. I tillegg til å forvalte norsk svalbardpolitikk og ta vare på Noregs rettar og plikter etter Svalbardtraktaten, har Sysselmannen ei viktig rolle som premissleverandør for utforminga av svalbardpolitikken.

Konsekvent og effektiv handheving frå Sysselmannens side, er eit viktig element i norsk forvaltning av øygruppa. Inspeksjon og oppsyn er sentrale verkemiddel for å kunne handheve regelverket Sysselmannen er tillagt mynde, og slik utføre ei effektiv myndighetsutøving. Det er derfor viktig at Sysselmannen utgjer ein handlekraftig organisasjon som evnar å vere til stades over heile øygruppa når det er behov for det.

Sysselmannens kjerneoppgåver er rednings- og beredskapsarbeid på øygruppa, ansvar for politi- og påtalemynde, og miljøforvaltning.

Svalbard er i utstrekning Noregs største politidistrikt, og Sysselmannen har mynde på lik linje med ein politimeister på fastlandet. I eigenskap av politimeister er Sysselmannen leiar for den Lokale redningssentralen (LRS). Vidare har Sysselmannen i kraft av si mynde som fylkesmann det koordinerande ansvaret for samfunnsberedskapen på øygruppa. Sysselmannen utgjer òg ein viktig statleg ressurs for oljevernberedskapen på øygruppa. Bevaring av Svalbards særegne villmarks natur er eitt av hovudmåla i norsk svalbardpolitikk. Sysselmannen har ansvaret for den lokale miljø- og kulturminneforvaltinga for heile øygruppa og utøver denne gjennom blant anna svalbardmiljølova med forskrifter.

Det at både politifagleg og miljøfagleg eksperitise er samla i Sysselmannens organisasjon, moglegjer ei god fagleg forvaltning av plan- og enkeltsaker, eit godt informasjonsarbeid og ei effektiv etterforsking av miljøkriminalitet. Auka turisme og ferdsel på Svalbard krev at ein held godt oppsyn, slik at ein kan avdekkje moglege brot på føresegna om vern av Svalbards natur- og kulturmiljø.

Sysselmannen er administrativt underlagt Justisdepartementet, og får løyvingane sine over svalbardbudsjettet. I enkelte fagsaker er han likevel underlagt andre departement. For nærmare omtale av utfordringar på for eksempel miljøvernområdet, sjå pkt. 4.1.

Befolkningsauken i Longyearbyen og ei utvikling der stadig fleire lover blir gjort gjeldande på øygruppa, har ført til ein auke i Sysselmannens oppgåver både i omfang og kompleksitet. Ikkje minst gjeld dette òg fordi interessa for Svalbard er sterkt aukande både frå nasjonalt og internasjonalt hald, i form av politiske aktørar, næringsaktørar, forskingsmiljø og media. Blant anna som følgje av det som her er nemnt, legg Regjeringa i St.meld. nr. 22 (2008-2009) Svalbard vekt på at Sysselmannen må vidareutviklast i rolla som regjeringas øvste representant på øygruppa og som premissleverandør for utforminga av norsk svalbardpolitikk. Stortinget slutta seg til dette gjennom si behandling (jf. Innst. S. nr. 336 (2008-2009)) og understreka spesielt at rednings- og politiressursane til ei kvar tid er tilstrekkeleg dimensjonerte til å ivareta Sysselmannens ansvar innafor desse områda.

For å avhjelpe delar av dei utfordringane dette har skapt for Sysselmannens drift, vart Sysselmannens driftsbudsjett styrkt med 3,4 mill. kroner

og transportbudsjettet med 0,5 mill. kroner i 2010. Vidare blei det løyvd 3,4 mill. kroner slik at arbeidet med naudsynte reparasjoner og oppgraderinger av sysselmannsbustaden kunne fortsetje. Regjeringa ønskjer å fortsetje desse satsingane i 2011. Dette vil bidra til å gjøre tydeleg den viktige rolla Sysselmannen har som regjeringas øvste representant på øygruppa.

Når det gjeld redningsberedskapen arbeider Sysselmannen kontinuerleg med å ha ei best mogeleg samhandling med friviljuge i redningstenesta og for å effektivisere utrykkingsfasen mest mogeleg. I takt med at polisen smeltar, er det venta auke i aktiviteten rundt Svalbard og i Polhavet generelt. Dette betyr at Svalbard og Longyearbyen kan få auka betydning som base for redning og beredskap i framtida.

Sysselmannens helikopterteneste skal tene fleire behov. I tillegg til redningstenesta blir helikoptra brukt til ei rekke oppgåver i forbindelse med politiarbeid, forvaltingsoppgåver, oppsyn og representasjon. Helikoptra blir også leid ut til eksterne aktørar, for eksempel til ulike forskingsinstitusjonar. Gjeldande kontrakt går ut 31. mars 2014 og arbeidet med å førebu ei ny kontrakt er allereie i gang.

Sysselmannens tenestefartøy Nordsyssel er også svært viktig i den generelle beredskapen. Kontrakten med dette fartøyet gjeld ut sesongen 2012. Sysselmannen og Justisdepartementet er derfor også i gang med vurderingar rundt ein ny kontrakt for tenestefartøy.

2.1.3 Leggje til rette for at lokaldemokratiet fungerer og at det framleis er eit robust lokalsamfunn i Longyearbyen

Å oppretthalde norske samfunn på øygruppa er eit av hovudmåla i norsk svalbardpolitikk. Denne målsetjinga blir oppfylt i hovudsak gjennom familiesamfunnet i Longyearbyen. Etter at Longyearbyen lokalstyre (LL) blei oppretta i 2000, har det blitt ein viktig medspelar for dei sentrale styremaktene ved at det innafor ramma av norsk svalbardpolitikk arbeider for ei miljøforsvarleg og berekraftig utvikling av lokalsamfunnet. Lokalstyret får løvvinga si over svalbardbudsjettet. Ved utarbeiding av budsjettet mottek departementet innspel frå lokalstyret. Det blir også arrangert jamlege kontaktmøte med Justisdepartementet. På desse møta blir bl.a. viktige budsjettspørsmål og aktuelle problemstillingar diskuterte. LL underrettar Justisdepartementet om lokale utfordringar, mens departementet nyttaar møta til å formidle statleg politikk og forventningar til lokalstyret.

Justisdepartementet ser ein stor verdi i denne dialogen. Som ei oppfølging etter St.meld. nr 22 (2008-2009) Svalbard er det også etablert eit fast årleg kontaktmøte mellom lokalstyret og Det interdepartementale polarutvalet.

Den vellykka satsinga på Svalbard, og Longyearbyen især, har også hatt innverknad på tenestetilbodet i Longyearbyen som Longyearbyen lokalstyre har ansvaret for. Veksten i samfunnet har blant anna skapt behov for fleire bustader, barnehage- og skuleplassar. For å bidra til at lokalstyret kan setje i verk naudsynte tiltak innafor skule- og barnehageområdet, vart lokalstyrets budsjett styrkt med i alt 2,7 mill. kroner i 2010. Regjeringa meiner at arbeidet med barn i Longyearbyen er svært viktig, og ønskjer å vidareføre styrkinga i 2011. Solide og tilstrekkelege rammevilkår er ein viktig føresetnad for at lokalstyret skal kunne handtere noverande og ikkje minst framtidige oppgåver på ein god og effektiv måte.

Den norske busetnaden på øygruppa har tradisjonelt vore knytt til koldrift. Dette er framleis den næringa som har flest sysselsette. Det siste tiåret har det vore ein auke i både offentleg og privat verksemd, særleg innan turisme og reiseliv. Aktiviteten har også auka innafor forsking og høgare utdanning, først og fremst i Longyearbyen og Ny-Ålesund. Men auken innan reiselivet har stoppa opp. Dessutan ser ein at kolproduksjonen er redusert og at kolselskapet Store Norske Spitsbergen Kolkompani har færre tilsette. Regjeringa varsla i stortingsmeldinga at reduksjonane og nedbemanninga i hjørnestearinsbedrifta, Store Norske, kan innebere negativ vekst i periodar. Dei siste befolkningstala viser no ein nedgang i befolkningsutviklinga, jf. tab. 1.1.

Regjeringa har som mål å halde ved lag Longyearbyen som eit robust familiesamfunn, men ikkje eit livsløpssamfunn. Denne føresetnaden er også gjenteken i St.meld. nr. 22 (2008-2009) Svalbard og Stortingets behandling av denne. Den utviklinga ein har sett i Longyearbyen spesielt det siste tiåret, fører mot eit meir komplekst samfunn som igjen opnar for nye interesseomsetnader mellom fleire aktørar. Dette gjer samordninga til ei viktigare og meir krevjande oppgåve enn tidlegare. Det er også utfordringar i Longyearbyen med omsyn til blant anna infrastruktur. Klima- og forureiningsdirektoratet har pålagt Longyearbyen lokalstyre som eig kraftverket, eit reinsekrav frå juli 2012. Longyearbyen lokalstyre utgreier ulike alternative løysingar for å møte reinsekravet. På oppdrag frå lokalstyret er det også utarbeidd rapportar om val av framtidig energikjelde.

Komiteen har under si behandling av St.meld. nr. 22 (2008-2009) Svalbard bede Regjeringa vurdere om ansvaret som grunneigar i Longyearbyen bør overførast frå Store Norske til andre. Det er sett ned ei eiga arbeidsgruppe under leiing av Nærings- og handelsdepartementet, for å gjere ein slik gjennomgang.

Lokalstyret har ansvar for å utøve mynde på utvalde saksområde, for offentleg tenesteyting og for utviklingsoppgåver innafor eit geografisk avgrensa område; gardsnummer 22 bruksnummer 1 Longyeardal. Dette inneber blant anna energiforsyning, samfunns- og arealplanlegging, kart- og delingsforretningar, byggjesaksbehandling, veg, vatn, avløp, renovasjon, kaiteneste, brannvern, økonomiplanlegging, næringsarbeid, statistikkproduksjon, utvikling og samordning av samfunnstenester retta mot barn, ungdom og vaksne, barnevern, sosialrådgiving, ungdomsarbeid, barnehagar og drift av skulen. Eit forslag om å påleggje Longyearbyen lokalstyre beredskapsplikt på linje med det som allereie gjeld for kommunane på fastlandet, vil bli lagt fram og truleg sett i verk i 2011.

Sidan januar 2006 har Longyearbyen lokalstyre organisert verksemda si slik at strategiske opp-

gåver, utøving av mynde og overordna bestillarfunksjon blir ivaretakne i lokalstyrets eigen administrasjon. Sjølvे driftsoppgåvene for samfunnet blir i hovudsak ivaretakne gjennom eigne kommunale føretak. I alt er tre slike kommunale føretak etablerte: Oppvekstføretak KF med ansvar for oppvekst, Kultur- og fritidsføretak KF med ansvar for kultur og fritid og Bydrift KF med ansvar for drift av teknisk infrastruktur.

På oppdrag frå Justisdepartementet og Longyearbyen lokalstyre har Norsk institutt for by- og regionforskning (NIBR) evaluert lokaldemokratiet på Svalbard gjennom to rapportar. Rapporten «Demokrati i motvind» vart framlagt i mars 2006, og synte at halvparten av innbyggjarane i Longyearbyen var motstandarar av lokalstyreordninga. Den andre rapporten «Lokalt demokrati Longyearbyen» frå 2007 syner ei meir positiv haldning til lokalstyreordninga. Justisdepartementet og Longyearbyen lokalstyre arbeider saman om å vidareutvikle lokaldemokratiet i Longyearbyen. Det er blant anna etablert ei ordning med jamlege kontaktmøte mellom politisk leiing i Justisdepartementet og Longyearbyen lokalstyre.

3 Forslag til svalbardbudsjett for 2011

Regjeringa ønskjer å bevare eit stabilt og robust norsk familiesamfunn i Longyearbyen på Svalbard for å sikre norsk nærvær i nordområda. Blant anna på bakgrunn av St.meld. nr. 22 (2008-2009) Svalbard og behandlinga av denne fekk Sysselmannen på Svalbard styrkt budsjettet i 2010 for betre å setje bestillinga i stand til å møte dagens utfordringar og oppgåver. Sysselmannens driftsbudsjett vart styrkt med 3,4 mill. kroner, det vart vidare sett av i alt 3,4 mill. kroner til reparasjon og rehabilitering av Sysselmannsbustaden og 0,5 mill. kroner til Sysselmannens transportkapittel. Auken gjer at Sysselmannen framleis kan utføre dagens oppgåver på ein god og effektiv måte. Denne styrkinga blir ført vidare i 2011 og vil bidra til å sikre ein god beredskap på øygruppa. Arbeidet med nødvendige reparasjoner og oppgraderinger av sysselmannsbustaden vil halde fram i 2011. I sum medverkar dette til å tydeleggjere den viktige rolla Sysselmannen har som regjeringas fremste representant på øygruppa.

Løyingar til tiltak på Svalbard har i perioden 2006-2010 blitt auka med 52 mill. kroner til følgjande tiltak:

- I 2007 vart tilskotet til Svalbard auka med 20 mill. kroner til etablering av ei reservekraftløy sing i Longyearbyen.
- Frå 2008 er det innført eit nytt skattesystem tilsvarannde ein inntektsreduksjon og eit auka tilskot til Svalbard på 14 mill. kroner.
- Rutinane for prisjustering av Svalbardbudsjettet er lagt om. Dette har styrkt tilskotet på 5,5 mill. kroner i perioden.
- I samband med Revidert nasjonalbudsjett 2009, jf. St.prp. nr. 67 (2008-2009) og Innst. S. nr. 355 (2008-2009), vart det løyvd 1 mill. kroner for å utbetre sysselmannens bustad.
- Svalbardbudsjettet vart òg i Revidert nasjonal budsjett 2009 styrkt med 1,4 mill. kroner for å vidareføre feltinspektørtenesta i 2009.
- Forutan styrkinga på 7,3 mill. kroner til Sysselmannen i 2010, vart budsjettet til Longyear-

byen lokalstyre styrkt med 2,7 mill. kroner for å møte utfordringane innan skule- og barnehagesektoren.

- I tillegg kjem satsingar og tiltak for Svalbard på andre departement sine budsjettområde.

Budsjettramma på svalbardbudsjettet for 2011 er 266,9 mill. kroner. Dette er 18,1 mill. kroner eller 7,3 pst. auke i forhold til vedteke budsjett for 2010.

Underskotet på svalbardbudsjettet for 2011 er stipulert til 91,1 mill. kroner og blir dekt inn gjennom eit tilskot over Justisdepartementets budsjett kap. 480 Svalbardbudsjettet post 50 Tilskot. Storleiken på tilskotet har variert frå år til år, og har vorte auka ved ekstraordinære tilskotsbehov. Som det går fram av rekneskapstala for 2009, var inntektene dette året unormalt høge. Dette gav eit positivt resultat som inneber at svalbardbudsjettet i 2009 ikkje mottok tilskot, men tilbakeførte midlar til statskassen.

Bortsett frå statstilskotet er skattar og avgifter frå Svalbard den største inntektsposten, jf. omtala under kap. 3030. Skatteinntektene for 2011 er rekna til 171 mill. kroner. Inntektene frå skattar og avgifter utgjer 64 pst. av dei samla inntektene over svalbardbudsjettet.

Svalbardbudsjettet er i stor grad eit driftsbudsjett. Ein stor utgiftspost er Sysselmannens transportteneste (kap. 6), som bl.a. inkluderer utgifter til redningshelikopter. Andre store utgiftspostar er løying til Sysselmannens ordinære drift (kap. 5) og Statens bygningar i Longyearbyen (kap. 20). Over kap. 3 Longyearbyen lokalstyre blir det løyvd midlar til drift av lokalstyret og tilskot til drift og utbygging av offentlege tenester og infrastruktur som Longyearbyen lokalstyre har ansvar ret for.

Ei oversikt over inntekter og utgifter og ei oversikt over utgiftene fordelte på postnivå er gitt i punkt 5 nedanfor. I del II finst det ei nærmare omtale av dei enkelte budsjettkapitla.

4 Forslag til løyvingar til svalbardformål frå andre departement over statsbudsjettet (jf. vedlegg 1)

For 2011 er det foreslått løyvd netto om lag 390 mill. kroner over statsbudsjettet til svalbardformål. Dette talet omfattar tilskotet til svalbardbudsjettet over Justisdepartementets kap. 480 og utgiftene til Svalbard som blir dekte over budsjetta til dei andre departementa, jf. vedlegg 1. Inntektene frå Svalbard som går inn på budsjetta til dei andre departementa er trekte frå, jf. vedlegg 2. Tilsvarande tal i 2010 var om lag 367 mill. kroner.

4.1 Miljøverndepartementet

Sysselmannen har ei eiga miljøvernavdeling og er lokal miljøvernmyndighet på Svalbard. Det faglege styringsansvaret for Sysselmannen sine miljøvernoppgåver ligg hos Miljøverndepartementet. Departementet har òg delegert mynde på sentrale område til Direktoratet for naturforvalting (DN), Klima- og forureiningsdirektoratet (Klif) og Riksantikvaren. Saman med Norsk Polarinstitutt, som er fagleg rådgivar for forvaltninga i polare spørsmål, representerer den faglege kompetansen og forvaltningserfaringa i desse direktorata ei vesentleg støtte til Sysselmannens miljøvernarbeid.

Over Miljøverndepartementets budsjett vil det bli løyvd om lag 130 mill. kroner til svalbardformål. Om lag 84 mill. kroner av dette går til Norsk Polarinstitutts verksemelding på og rundt Svalbard. Resten går til Sysselmannen på Svalbard, Direktoratet for naturforvalting, Statens kartverk og til forsking og overvaking bl.a. i regi av Noregs forskingsråd. Sjå oversikt over løyvingane i vedlegg 1. Driftsbudsjettet for Sysselmannen, inkludert miljøvernnavdelinga, blir løyvd over svalbardbudsjettets kap. 5 Sysselmannen. Det blir òg løyvd midlar til miljøvernarbeid over svalbardbudsjettets kap. 9 Kulturminnetiltak, jf. omtale i del II. Oppfølginga av miljøvernoppgåvene representerer ei stadig større utfordring. Omfanget av søknader til Sysselmannen etter svalbardmiljølova har dei siste åra auka med 50 pst., først og fremst

som ein følgje av auka forskingsaktivitet og turisme. Den aukande aktiviteten og ferdsla på Svalbard aukar òg behovet for nye miljøverntiltak der Sysselmannen vil ha ei viktig rolle. Dette omfattar miljøverntiltak som sikrar verneområda blant anna gjennom endringar i verneforskriftene og utarbeiding av forvaltningsplanar for verneområda på Svalbard. Det er òg naudsint med tiltak for å avgrense lokal forureining og verne kulturminne i og utanfor busettingane.

Miljøvernarbeidet vil i 2011 halde fram med å ha fokus på å beskytte villmarksområda på Svalbard. Det vil bli lagt særleg vekt på å avgrense belastninga på Svalbards natur og kulturminne som følgje av aukande ferdsel, for å sikre viktige leveområde for sårbare arter og verneområdas kvalitet som referanseområde for forsking. Arbeidet med forvaltningsplanar for dei store verneområda vil ha høg prioritet. Arbeidet med slike planar for dei store naturreservata på Aust-Svalbard er sett i gang, og det skal oppretta ei referansegruppe med representantar frå forskingsmiljøa, reiselivet, lokalstyret og andre aktuelle interesser som skal følgje arbeidet. Ein forvaltningsplan skal ivareta verneformålet og samtidig leggje til rette for bruk som er i samsvar med dette formålet. For å oppnå dette er det hensiktsmessig å dele verneområda inn i soner med eigne strategiar og retningslinjer for korleis verneformålet skal nåast. Det kan òg vere behov for å gi delar av reservata på Aust-Svalbard eit strengare restriksjonsnivå enn det som følgjer av dagens verneføresegner. Miljøverndepartementet har derfor gitt Sysselmannen i oppdrag å utarbeide eit forslag til nødvendige forskriftsendringar som skal følgje forslaget til forvaltningsplan. Samtidig har Miljøverndepartementet bestemt at forslaget som ligg føre til forskriftsendringar som set grenser for kvar det skal vere lov å setje i land cruiseturistar innafor naturreservata på Aust-Svalbard, no ikkje vil bli fremja.

Miljøvernarbeidet vil òg ha fokus på klimaendringane og deira betydning for forvaltninga av miljøet på Svalbard, førebygging av introduksjon og spreying av framande arter, og av lokale forurei-

ningar til luft, jord og vatn. Det arbeidet som er starta opp med å utgreie Svalbard som eit mogelege verdsarvområde vil halde fram. Det er òg starta opp eit arbeid med siktet på å gi fleire internasjonalt viktige våtmarksområde på Svalbard status som såkalla Ramsar-område under den internasjonale våtmarkskonvensjonen.

Overvakkinga av dei effektane den aukande ferdsla har på utsette og sårbarer kulturminne og på naturmiljøet er styrkt. Klimaendringane gjer seg sterke gjeldande på Svalbard og vi ser no truleg starten på nye omfattande miljøutfordringer, både som følge av at arter får problem med å tilpasse seg klimaendringane, og som følge av at nye hav- og kystområde vert isfrie og meir tilgjengelege for ferdsel og anna aktivitet. Samtidig er Svalbards rolle og betydning som internasjonal forskingsplattform styrkt, ikkje minst når det gjeld klima, gjennom Det internasjonale polaråret, IPY og initiativet «Svalbard Integrated Arctic Earth Observing System» (SIOS). Det vil derfor bli arbeidd for å legge til rette for ei målretta forskingsverksemd og ei effektiv miljøovervakking på Svalbard som set oss i stand til å følgje og dokumentere spesielt klimautviklinga, og tilpasse miljøforvaltninga til endringar i klima og miljøforhold.

Det nye senteret for klima og miljø opna i Tromsø i september 2010. Målet er at dette skal bli eit internasjonalt leiande senter for forsking på klima og miljø i nordområda. Det blir lagt opp til fleirfagleg og tverrfagleg forsking og tett samarbeid mellom naturvitenskap, teknologi og samfunnsvitenskap. Senteret si betydning for Svalbard vil i første rekke vere gjennom forskingsprosjekt knytte til problemstillingar på Svalbard og som vil kunne bringe fram ny kunnskap for forvaltinga av øygruppa.

Svalbards miljøvernfondest tildelte i første tildelingsrunde våren 2010 4,7 mill. kroner til 18 ulike miljøvernprosjekt. Midlane går til ulike tiltak og prosjekt innafor berekraftig turisme, kulturminne, fiske og vilt, informasjon og opplæring, skjøtsel, gjenoppretting av miljøtilstanden, kartlegging og overvakking av miljøtilstanden. Styret legg opp til to tildelingar også i 2011.

Norsk Polarinstitutt

Norsk Polarinstitutt er underlagt Miljøverndepartementet. Instituttet har ei omfattande verksemd på Svalbard, med bl.a. forsking, miljøovervakking, topografisk og geologisk kartlegging, forskingservice, drift av forskingsstasjonar, ettersyn av fyr, miljøretta kunnskapsformidling og informasjon.

Polarinstituttet yter òg logistisk støtte til norsk og utanlandsk forskingsverksemd på Svalbard.

Polarinstituttet driv ein forskingsstasjon i Ny-Ålesund og luftmålestasjon på Zeppelinfjellet. Instituttet har eit kontor og logistikkverksemd i Forskningsparken i Longyearbyen. Kvart år har instituttet ei betydeleg ekspedisjonsverksemd på Svalbard. Instituttet brukar òg betydelege ressursar på rådgiving i miljøspørsmål overfor sentrale og lokale forvaltningsorgan, og på miljøovervakking på øygruppa.

I dei siste åra har Norsk Polarinstitutt styrkt forskings- og overvakingsverksemda si, som er særleg viktig for forvaltinga av øygruppa. Relevante område og tiltak som kan nemnast i denne samanhengen er innsatsen innafor SEAPOP (kartlegging og overvakking av sjøfugl), etableringa av programmet ICE (Ice, Climate and Ecosystem-senteret) som har styrkt klimaforskinga og -overvakkinga, oppbygging og etablering av eit intensivt og ekstensivt vegetasjonsovervakiningsprogram for Svalbard (i forhold til ferdsel og klima) og iversetjing av styrkt bestandsovervakking av isbjørn og kvalross. Det har òg vore ein gjennomgang av overvakkingssystemet for Svalbard og Jan Mayen (MOSJ), og i den samanheng gjort ei styrking og målretta prioritering av indikatorar som vil bidra til å gi grunnlag for vurdering av om miljøforvaltninga når måla sine. Instituttet har òg styrkt rådgivingskapasiteten sin overfor dei sentrale styremaktene, Sysselmannen og den norske vertskapsrolla for forskingsaktivitet på Svalbard.

For 2011 er om lag 84 mill. kroner av løyvinga til Norsk Polarinstitutt over Miljøverndepartementets kap. 1471 Norsk Polarinstitutt relatert til Svalbard, jf. vedlegg I. I tillegg kjem tilskotet frå svalbardbudsjettet, jf. omtale av kap. 17.

Den auka faglege aktiviteten til Norsk Polarinstitutt består blant anna av ny flyfotografering av Svalbard. Fotograferinga skal vere med på å gi oppdaterte digitale kart som blant anna gjer redningsaksjonar sikrare og meir effektive. I tillegg vil karta mogleggjere betre overvakking av brear, noko som vil vere eit betydeleg bidrag til norsk klimaforsking. Vidare er vegetasjonsovervakkinga og overvakkinga av isbjørnbestanden styrkt.

4.2 Nærings- og handelsdepartementet

Staten har eigarinteresser i fleire selskap på Svalbard. Nedanfor følgjer ei omtale av dei selskapa Nærings- og handelsdepartementet har interesser i. Nokre av dei får overført statlege midlar.

Store Norske Spitsbergen Kulkompani AS

Store Norske-konsernet består av morselskapet Store Norske Spitsbergen Kulkompani AS (SNSK) og dei heileigde datterselskapa, Store Norske Spitsbergen Grubekompani AS (SNSG), Store Norske Gull AS og Store Norske Boliger AS. Staten eig 99,94 pst. av aksjane i SNSK. Kolverksamda skjer gjennom SNSG. Ved utgangen av 2009 hadde SNSK-konsernet 368 tilsette. Arbeidsplassane knytte til kolgruvedrifta har medverka vesentleg til stabil, heilårleg norsk aktivitet og busetnad på Svalbard.

Konsernet hadde i 2009 driftsinntekter på 2,0 mrd. kroner og eit årsresultat på 363 mill. kroner. Tilsvarande tal i 2008 var 3,4 mrd kroner og 881 mill. kroner. SNSK produserte 2,6 mill. tonn kol i 2008 mot nær 4,1 mill. tonn i 2007. Det vart selt 3,4 mill tonn kol i 2009 mot 3,4 mill tonn i 2008. Kolprisane var høge i 2008. Frå juni 2009 har prisen per tonn kol gått ned. Som følgje av finanskrisa treng industrien no mindre kol, og salet er redusert i 2009. Selskapet tek sikte på eit produksjonsvolum på ca 2,0 mill. tonn i 2010 og åra framover.

Selskapet starta hausten 2001 produksjondrift i eit nytt gruveområde kalla Svea Nord. Ved Stortingets behandling i desember 2001 av prosjektet, jf. St.prp. nr. 2 Store Norske Spitsbergen Kulkompani AS og Svea Nord-prosjektet og Innst. S. nr. 67 (2001-2002), vart det lagt til grunn at gruvedrifta etter dette skal drivast ut frå bedriftsøkonomiske føresetnader og uavhengig av statleg støtte i framtida. Formålet med statleg eigarskap i SNSK og SNSG er å medverke til at samfunnet i Longyearbyen blir halde oppe og utvikla vidare på ein måte som støttar dei overordna måla i norsk svalbardpolitikk. I tillegg skal selskapet drivast etter bedriftsøkonomiske prinsipp og med sikte på marknadsmessig avkastning på investert kapital.

SNSK arbeider no med planar for framtidig kolgruvedrift i andre førekomstar som erstatning for dagens drift i Svea Nord-gruva, som ventetegn går tom om ca. 5 år. Etter avviklinga av Svea Nord legg SNSK i dag opp til vidare drift på fire førekomstar i Svea-området. Føresetnaden er at drifta vert bedriftsøkonomisk lønnsam. Planane blir lagt slik at allereie etablert infrastruktur knytte til Svea Nord-gruva framleis kan utnyttast. Dei fire feltene er: Lunckefjell, Svea Øst, «Randsona» og Ispallen som til saman inneholder totalt ca. 35,8 mill. tonn kol.

SNSK legg no planar for Lunckefjell som har om lag 8,2 mill. tonn kol berekna for sal. Førekomsten i Lunckefjell vil bli utdriven med basis i infrastrukturen frå Svea-Nord. Selskapet har berekna

behovet for nye investeringar til om lag 1 mrd. kroner.

Planar om ny gruvedrift i Lunckefjell utløyser plikt til konsekvensutgreiing etter svalbardmiljølova. Sysselmannen har i juni 2008 fastsett eit utgreiingsprogram for prosjektet. SNSK har planar om å eventuelt starte opp tiltaket i 2012, mens hovedproduksjonen eventuelt vil bli starta opp i 2015. SNSK legg opp til å levere ei konsekvensutgreiing og søknad til Sysselmannen hausten 2010. Sysselmannen skal deretter sende saka på høyring. Endeleg behandling i NHD føreset at Sysselmannen godkjenner prosjektet.

Dersom styret konkluderer med tilråding og opning av Lunckefjell, vil NHD gi ei vurdering av saka. Endeleg behandling i departementet føreset at det blir gitt løyve til prosjektet etter svalbardmiljølova. NHD vil i behandlinga av saka leggje vekt på om Lunckefjellprosjektet er økonomisk robust og sjølvfinansierande.

Det går fram av St. meld. nr. 22 (2008-2009) Svalbard at Lunckefjellprosjektet i utgangspunktet er ei sak for styret i selskapet. Prosjektet representerer likevel ei betydeleg investering som òg er knytt til risiko, og får betydning for blant anna eigenkapitalsituasjonen til selskapet og utbyttekapasitet. Dette er sentrale eigarspørsmål, og det er derfor naturleg at prosjektet blir lagt fram for generalforsamlinga. Hvis departementet si behandling av saka konkluderer med opning av gruvedrift i Lunckefjell, vil saka bli lagt fram for Stortinget.

SNSK vil elles konsentrere verksemda si rundt Longyearbyen og satse på utvikling av selskapets eigedommar og andre bergrettar selskapet har på Svalbard.

Kings Bay AS

Staten eig alle aksjane i Kings Bay AS. Det er foreslått å løyve 15 mill. kroner til drift og investeringar i Kings Bay AS i 2011.

Kings Bay AS eig grunn og anlegg i Ny-Ålesund og har ansvaret for infrastrukturen på staden. Per 31. desember 2009 var det engasjert 26 personar i Kings Bay AS. Kings Bay skal særleg ha som mål å yte tenester til og fremje forsking og vitskapleg verksemnd, og medverke til å utvikle Ny-Ålesund som ein internasjonal arktisk naturvitenskapleg forskningsstasjon. Selskapets driftskonsept er å leige ut fasilitetar til forskrarar, og tilby kost og losji og ei rekkje andre tenester under opphalDET. I hovudsak skjer dette gjennom fleirårige kontraktar med forskingsinstitusjonar frå ei rekkje land.

Investeringane som er gjort i Ny-Ålesund dei siste åra har resultert i at Ny-Ålesund i dag står fram som ein særskilt god og funksjonell base for internasjonal forsking og miljøovervaking. Ny-Ålesund har utvikla seg til å bli ein forskingsstasjon med ein framifrå miljøprofil og eit internasjonalt senter for forsking på klima- og miljørelaterte problemstillinger.

Det internasjonale aspektet er ein kvalitet ved Ny-Ålesund ved at forskarar frå mange land kan møtast og drive forsking i nært samarbeid. Norske, tyske, britiske, italienske, franske, japanske, sørkoreanske, kinesiske og indiske forskingsstasjonar har etablert seg permanent i Ny-Ålesund. I tillegg nyttar andre norske og utanlandske forskingsinstitusjonar staden utan å drive permanent forsking. Rundt 20 land har kvart år forskingsprosjekt i Ny-Ålesund.

Den internasjonale interessa for marinlaboratoriet har vist seg å vere stor. Det er ei generell oppfatning at globale endringar i klimaet først vil kunne observerast i polarregionane på grunn av endringar i isforholda og fordeling av varme atlantiske og kalde arktiske vassmassar. Farvatna kring Kongsfjorden-Krossfjorden, der marinlaboratoriet ligg, er ein godt eigna stad for å drive slik forsking. Marinlaboratoriet er det nordlegaste i verda og strategisk plassert på randa av Polhavet. Den framtidsretta utforminga gjer at laboratoriet er funksjonelt for marin eksperimentell forsking på høgt nivå, og laboratoriet er ei viktig brikke i nasjonale og internasjonale marine forskingsnettverk.

Den aukande interessa for å etablere og utvide forsking på staden stiller krav til korleis selskapet legg forholda til rette. Forskingsaktivitet og tilrettelegging av infrastrukturen er prioritert i samsvar med intensjonen i strategisk plan for staden, utvikla av selskapet og Norsk Polarinstittutt i fellesskap. Anna næringsverksemder må tilpassast dei rammene som forskingsverksemder krev.

I juni 2010 vart det for femte gongen arrangert eit internasjonalt symposium i Ny-Ålesund. Tema i år var «Endringene i Arktis og dets globale konsekvenser». Ny-Ålesund-symposiet er eit forum der inviterte deltakarar frå styresmakter, forskarar, politikarar og næringsliv møtest for å drøfte økonomi, miljø, politikk og samfunn med utgangspunkt i eit Arktis i endring. Symposiet er eit årleg arrangement.

Ifølgje Kings Bay AS er det etter ein gjennomgang av energisituasjonen med faglege rådgjevarar, semje om å tilrå at det bør sjåast på ei samla løysing for energibruk og energiberadar i Ny-Ålesund før ein set i gang med å byggje ein ny kraft-

stasjon. I samband med Stortingets behandling av St.meld. nr. 22 (2008-2009) Svalbard blei Stortinget orientert om dei endra planane for nytt kraftverk. Av orienteringa går det fram at Nærings- og handelsdepartementet vil gjere ei ny vurdering av prosjektet, når selskapet har utarbeidd ein ny plan for etableringa av kraftstasjon. Stortinget vil etter det bli orientert på eigna måte, jf. Innst. S. nr. 336 (2008-2009).

Kraftstasjonen i Ny-Ålesund er den lokale verksemda som utgjer den største kjelda til forureining i Ny-Ålesund; først og fremst gjennom utsleppa av NOx, CO2 og partiklar. Kings Bay AS har dei tre fire siste åra freista å finne løysingar for å redusere desse utsleppa. Som ledd i dette vart det i 2009 gjennomført ein energianalyse som seier at det eksisterer eit potensiale for å redusere bruken av energi til elektrisitet og varme med om lag 40 pst. Energianalysen tek føre seg både tiltak retta mot energibruken og mot framtidig energiproduksjon. Tiltak som er foreslått i analysen omfattar berre tiltak for å redusere energibruken. Det er betydeleg utvikling av dieselmotorar for tida. Å skifte ut 12 år gamle dieselgeneratorar med nye moderne og meir effektive maskiner vil komme i ein seinare fase, når teknologien er tilfredsstillande. Dei samla kostnadene for å oppnå 40 pst. reduksjon i drivstoffbruk og tilhøyrande reduksjon i forureinande utslepp frå kraftstasjonen, er rekna å utgjere om lag 37 mill. kroner.

Direktoratet for mineralforvaltning med Bergmeisteren for Svalbard

I samband med at den nye minerallova tredde i kraft frå 1. januar 2010, vart det bestemt at Bergvesenet med Bergmeisteren for Svalbard skifter namn til Direktoratet for mineralforvaltning med Bergmeisteren for Svalbard.

Direktoratet administrerer Bergverksordninga for Svalbard, fastsett ved kgl. res. 7. august 1925 og utfyllande reglar for petroleumsverksemda. Desse reglane regulerer tilgangen til mineralressursane på Svalbard. Etter forskrift 28. juni 2002 nr. 650 om konsekvensutgreiing og avgrensing av planområda på Svalbard, har Direktoratet ei viktig rolle i samband med konsekvensutgreiingar i saker som gjeld bergverks- og gruvedrift. I slike saker skal Direktoratet, i samråd med Syssemannen, fastsetje utgreiingsprogram og slutt-dokument.

Direktoratet for mineralforvaltning med Bergmeisteren for Svalbard gir utmål, råd, rettleiing og oversikt over funn og førekommstar av geologisk art på Svalbard, og har tilsyn med opningar etter

nedlagte gruver. For å sikre at drift, leiting og undersøking skjer i samsvar med dei miljøkrava som gjeld, bl.a. gjennom svalbardmiljølova, gir etaten informasjon om miljøregelverket og dei krav som er stilte.

Følgjande verksemssidé er utarbeidd for Direktoratet: *Direktoratet for mineralforvaltning med Bergmeisteren for Svalbard skal arbeide for at Norges mineralressursar blir forvalta og utnytta til beste for samfunnet*. Ut frå denne verksemssidene er det fastsett følgjande hovudmål for den delen av Direktoratet si verksemd som er retta utover:

- effektivt å forvalte gitte fullmakter, og vere sakkyndig organ i saker som gjeld mineralnæringa
- arbeide for å redusere miljøkonsekvensane av mineraluttak, og medverke til ei balansert miljøforvaltning
- arbeide for auka verdiskaping innan mineralnæringa
- arbeide for auka forståing av den verdien mineralnæringa har for samfunnet

For 2011 vil Direktoratet prioritere saksbehandling og tilsyn. Direktoratet vil informere om miljøregelverket og sjå til at undersøkingar og uttak av mineral blir gjennomførte slik at også ressurs- og miljøaspekt blir tekne vare på. Det blir elles vist til nærmare omtale av Direktoratet under kap. 906 Direktoratet for mineralforvaltning med Bergmeisteren for Svalbard i Nærings- og handelsdepartementet sin Prop. 1 S (2010-2011).

Svalbard Reiseliv AS

Svalbard Reiseliv AS er eigmend av og opererer på bakgrunn av handlingsplanar vedtekne av Svalbard Reiselivsråd, som er ei samanslutning av eit breitt spekter av aktørar med interesser knytte til reiselivet på Svalbard. Målet med tilskotet til Svalbard Reiseliv AS er å medverke til auka verdiskaping og betre lønsemd for reiselivet ved å informere, profilere og marknadsføre Svalbard som reisemål. Ei viktig oppgåve for Svalbard Reiseliv AS er å leggje vekt på å utvikle eit miljøtilpassa reiseliv i tråd med det overordna målet for Regjeringa og reiselivsnæringa. Svalbard Reiseliv AS organiserer blant anna opplæring av Svalbard-guider som skal leggje til rette for kvalitetsopplevelinger tilpassa arktisk kultur og natur innafor berekraftige rammer. For 2011 er det foreslått å løyve 2,1 mill. kroner til Svalbard Reiseliv AS.

I 2009 vart det registrert 82 307 gjestedøgn ved overnattingsverksemder i Longyearbyen. Dette er ein tilbakegang på 11,7 pst. samanlikna med året før då det vart registrert om lag 92 000 gjeste-

døgn. I alt kom det 33 109 gjester til Svalbard i 2009, noko som var ein nedgang på 9 pst. sett i høve til året før. I tillegg kjem gjester som ikkje nytta overnattingsverksemder, og cruisepassasjerar. Nordmenn stod i 2009 for om lag 74 pst. av gjestedøgna mot berre 67 pst. av gjestedøgna i 2008. Færre utanlandske turistar men ein dertil aukande del nordmenn, var trenden også på fastlandet i etterkant av finansuroa som slo inn hausten 2008.

Sesongsvingingane er ei sentral utfordring for reiselivet på Svalbard. Belegget på overnattingstadene er høgt i høgsesongen rundt påske og i sommarmånadene, men i skulder- og lågsesongane er det uutnytta potensialet stort. Svalbard Reiseliv AS har i samarbeid med reiselivsnæringa arbeidd aktivt dei seinare åra for å auke talet på turistar til Svalbard utanfor høgsesongane. Talet på yrkesreisande har auka samanlikna med tala frå 2008, og kurs, konferansar og yrkestrafikken står no for 45 pst. av gjestedøgna. Talet på ferie og fritidsreisande minka i 2009, og dei utgjer omlag 55 pst. av gjestedøgna på Svalbard mot 60 pst. året før.

Svalbard Satellittstasjon

Svalbard Satellittstasjon (SvalSat) vart offisielt innvigd i juni 1999. Stasjonen ligg i nærleiken av Longyearbyen. SvalSat les ned data for sivile føremål frå satellittar i polare baner og styrer også desse satellittane. Kongsberg Satellite Services AS, som er eigmend 50 pst. av Staten gjennom Norsk Romsenter Eiendom AS og 50 pst. av Kongsberg Defence Systems AS, eig infrastrukturen og står for drifta av SvalSat og Tromsø Satellittstasjon. Det er ei rekke antenner i bruk på SvalSat og det ligg føre planar for å byggje fleire. Både amerikanske og europeiske organisasjonar innan romfart og forsking (NASA og ESA) og værvarslinga (NOAA og EUMETSAT) nyttar antenner på SvalSat. Også fleire asiatiske romorganisasjonar kjøper no tenester frå stasjonen på Svalbard.

Svalsat er verdas mest kostnadseffektive nedlesningsstasjon for satellittar i polare baner. Det er etablert eit fiberkabelsamband mellom Andøya og Longyearbyen og dette nettet gjer det samtidig mogleg i samarbeid med Telenor å tilby generelle breibandtenester til Longyearbyen.

Forskrift 11. juni 1999 nr. 664 om etablering, drift og bruk av jordstasjon for satellitt regulerer bl.a. verksemda ved Svalbard Satellittstasjon. Syselmanen på Svalbard skal føre kontroll med at verksemda skjer innafor dei rammer som er sett i Svalbardtraktaten.

Svalbard Raketttskytefelt

Andøya Raketttskytefelt A/S har oppretta Svalbard Raketttskytefelt (SvalRak) i Ny-Ålesund. Skytefeltet stod ferdig i 1997. Infrastrukturen på SvalRak er eigd av Andøya Raketttskytefelt A/S. Føremålet med SvalRak er oppskyting av forskingsrakettar. Med ei lokalisering nær den magnetiske nordpolen gir målingane frå rakettane resultat av stor vitenskapleg verdi. Det er utført fleire oppskytingar og den siste var i desember 2008. Ein ny stor norsk forskingsrakett er planlagt skoten opp i 2011.

4.3 Kunnskapsdepartementet

Universitetssenteret på Svalbard

Universitetssenteret på Svalbard AS (UNIS) er ein viktig del av nordområdesatsinga. UNIS tilbyr høgare utdanning og driv forsking med utgangspunkt i at Svalbard ligg i eit høgarktisk område. UNIS skal vere eit supplement til lærestadene på fastlandet. Studia ved UNIS skal ha ein internasjonal profil, og om lag halvparten av studentane er utanlandske. Studentaktiviteten i 2009 var 119 studentårsverk, mot 127 i 2008. 35 pst. av studentane var norske. 43 pst. av studentane var kvinner, ein nedgang på om lag 6 prosentpoeng frå 2009. UNIS vart tildelt om lag 89,6 mill. kroner over budsjettet til Kunnskapsdepartementet i 2010. Regjeringa foreslår å løyve om lag 97,2 mill. kroner til UNIS i 2011 over budsjettet til Kunnskapsdepartementet. Dette er inkludert midlar til etablering av 20 nye studieplassar i 2011, og til vidareføring med opptak av nye kull for dei studieplassane som vart gitt i samband med revidert nasjonalbudsjett for 2009.

UNIS oppnår gode resultat innan både forsking og utdanning, og St.meld. nr. 22 (2008-2009) Svalbard trekkjer fram at UNIS i løpet av den femtenårige levetida si har ekspandert som senter for arktiske studiar. UNIS er blitt ein vesentleg del av kunnskapsplattforma på Svalbard. Sidan 2006 har UNIS oppnått ei firedobling av eksternt finansierete forskingsprosjekt. Samtidig har talet på postdoktorar og stipendiatar vakse til nærmere 30. Halvparten er eksternt finansiert. Selskapet si verksamhjelper til å styrke aktiviteten i Longyearbyen, utover koldrift og turisme. Dei tilsette bur og verkar i Longyearbyen, hjelper til i utviklinga av både institusjonane og samfunnet og engasjerer seg i lokale lag, foreiningar og anna sosialt og kulturelt liv.

Styret vedtok i 2009 ein ny strategiplan, som blant anna set mål om ei styrking av relasjonane til

dei norske universiteta og ei vidareutvikling av internasjonalt samarbeid. Tryggleik, studiekvalitet og miljøvennleg framferd er prioritert område. Det er òg den vidare utviklinga av UNIS som samfunnsaktør i Longyearbyen og elles på Svalbard. UNIS skal utøve forskinga og undervisninga si med minst mogeleg negativ påverknad på miljøet. Svalbardmiljølova er ein premiss for all aktivitet, og UNIS arbeider kontinuerleg for å avgrense miljøpåverknadene av verksemda.

Senteret spelar vidare ei sentral rolle i vidareføringa av den norske polarforskingstradisjonen, i utviklinga av Svalbard som forskingsplattform og i å representere og sikre norske interesser i Arktis.

Noregs forskingsråd

Forskningsrådet disponerer løyingar frå ei rad departement og det er ikkje hensiktmessig å skilje mellom kva dei ulike departementa løyver. Framstillinga nedanfor har derfor ei vidare ramme enn det som berre gjeld Kunnskapsdepartementet.

Verdas største polarforskningsprogram *Det internasjonale polaråret (IPY)*, vart avslutta i 2009. I alt har om lag 50 000 forskrarar frå 63 land delteke under IPY. Den breie tverrfaglege måleinnsatsen skal blant anna bidra til å skaffe datasett for betre klimamodellar og prognosar, inkludert havstrumar og klimakoplinger mellom låge og høge breiddegrader. Mange av IPY-prosjekta har gått føre heilt eller delvis på eller ved Svalbard. For 2010 vart det avsett 80 mill. kroner over Forskningsrådets budsjett til IPY. Dei fleste forskningsprosjekta under IPY var framleis i gang i 2010. Datamengda er så stor at den vil gi datagrunnlag for forskingsmiljøa i mange år framover. Ein kan slå fast at feltinnsatsen har vore omfattande og vellukka, det har komme fram svært mykje nytt forskingsmateriale og det er etablert mange langsiktige måleprogram. I alt vart det gjennomført over 40 tokt og ekspedisjonar. Merksemda om Svalbard har vore stigande, og det har vore ein auke på 10 til 15 pst. i bruken av fasilitetar på Svalbard både av norske og utanlandske forskrarar. Ein norsk IPY-komit  har koordinert det norske arbeidet med Det internasjonale polaråret og har òg vore kontaktpunkt mot International Council for Science og World Meteorological Organisation, som st r for planlegginga og gjennomf ringa av polaråret internasjonalt. Noreg vart tildelt sluttkonferansen for IPY og denne vart halden i Oslo i juni 2010.

Hovudtyngda av norsk polarforskning har i dei seinare  ra vore retta mot ´forstå klimautviklinga

og ulike typar effektar av klimaendringar, med geofag og biologi som dei største faga. Noreg har òg internasjonalt velkjente forskingsmiljø innan øvre atmosfærefysikk og andre fagområde innan bio- og geofag med aktivitetar i Arktis. Størst polarsatsing, i tillegg til IPY-programmet, skjer innan det store programmet NORKLIMA (Klimaendringar og konsekvensar for Noreg), og meir enn ein tredel av dette programmet dekkjer arktiske problemstillingar. Polare løvvingar gjeld òg innan aktivitetane PETROMAKS (Utnytting av petroleumsressursane), Program for romforsking, Havet og kysten, Miljø 2015 og Aust-Europa-programmet. I Sør-Afrika-programmet vert det òg gjenomført polarforsking. Samla sett brukte Forskningsrådet ca. 213 mill. kroner på polarforsking i 2009, av dette om lag 61 mill. kroner til svalbardrelatert forsking.

Forskningsrådet har midlar for å styrke samarbeidet mellom Noreg og Russland på Svalbard gjennom ei eiga satsing frå Kunnskapsdepartementet. I 2009 vart det lyst ut midlar for ein ny 3-årsperiode (2010-2012), om lag 3 mill. kroner per år. 15 prosjekt fekk løying. Det er stor interesse for slike midlar, og det er mange både norske og russiske forskingsinstitusjonar som er med i prosjekta.

Forskningsrådet har i 2009 arbeidd vidare med revitalisering av Svalbard Science Forum (SSF) for å styrke koordineringa av forskinga på Svalbard. Etableringa av SSFs nettstad har vore svært vellukka. Første del av eit databasesystem for svalbardforsking (Research in Svalbard, RiS) vart teken i bruk av SSF i 2007. Frå 2008 skal alle forskingsprosjekt på Svalbard, som krev godkjenning av Sysselmannen på Svalbard, bli registrert i databasen for svalbardforsking. RiS vil bli vidare utvikla også i 2010 og arbeidet vil halde fram i 2011. SSF har skipa til konferansar om emnet «Kongsfjorden økosystem», «Atmosfæreforskning» og «Terrestrisk forsking». Alle stasjonane i Ny-Ålesund deltek aktivt i desse. Det har vist seg at konferansane er eit effektivt verkemiddel for å komme fram til felles forskingsfaglege prioriteringar og dermed auke samarbeidet og minke fragmenteringa av forskinga i Ny-Ålesund. SSF-konferansar i framtida vil gjelde heile Svalbard.

Ny-Ålesund peiker seg ut som eit heilt spesielt område i forskingssamanheng. Styresmaktene har gjennom ei rekke år investert store midlar i infrastrukturen for forskingsverksemda. Regjeringa har som målsetjing å bygge Ny-Ålesund vidare ut som internasjonalt forskingssenter i Arktis, innanfor dei rammene miljøomsyn og kapasitet set. I alt 10 land har i dag eigen forskingsstasjon i Ny-

Ålesund, mens forskarar frå om lag 20 land driv forsking der.

I 2011-budsjettet foreslår Regjeringa at minst 45 mill. kroner skal gå til eit nytt program for polarforsking. Forsking knytt til Svalbard skal tilleggast særleg vekt, då dette er ei viktig plattform for norsk og internasjonal polar-, miljø- og klimaforsking. Innafor løvvinga skal 5 mill. kroner gå til informasjonsverksemde og fagleg og praktisk forskingskoordinering i regi av Svalbard Science Forum. Til utvikling av eit klimaøkologisk observasjonssystem for arktiske tundraøkosystem (KOAT), foreslår Regjering at det innanfor midlane er ei særskilt eittårig løvving på 3 mill. kroner til Universitetet i Tromsø og Universitetssenteret på Svalbard.

I revidert nasjonalbudsjett for 2010 vart det løvd 60 mill. kroner til ein ny fiberoptisk kabel mellom Ny-Ålesund og Longyearbyen. Kabelen vil betre dataoverføringskapasiteten mellom Ny-Ålesund og Longyearbyen og gi betre utbytte av forskinga innan mange fagområde.

SIOS (Svalbard Integrated Arctic Observing System)

Det har vore arbeidd vidare med å utvikle Svalbard som internasjonal forskingsplattform. I denne samanhengen vart det klart 9. desember 2008 at SIAEOS, nå SIOS (Svalbard Integrated Arctic Earth Observing System) er på ESFRI (European Strategy Forum on Research Infrastructure) sitt reviderte vegkart. Forskningsrådet leiar forprosjektet. Det er etablert ei styringsnemnd for prosjektet med medlemmar frå Forskningsrådet, UNIS, Norsk Polarinstittutt, Bjerknesenteret og Norsk Romsenter, og i tillegg representantar frå Tyskland, England, Italia, Polen og Russland. Søknad om midlar til Preparatory Phase vart sendt EU sitt 7. rammeprogram for forsking innan 3.desember 2009. 10 europeiske land (Noreg, Sverige, Danmark, Finland, Tyskland, England, Italia, Polen, Nederland og Frankrike) og 5 andre land (Russland, Kina, Sør-Korea, Japan, USA) er med i konsortiet. I mars 2010 vart det kjent at Preparatory Phase-søknaden truleg vil bli godkjend i EU, og at forhandlingane om kontrakten med EU vart innleidde i april 2010. Prosjektet starta i september 2010. Forskningsrådet skal leie prosjektet gjennom heile Preparatory Phase (ca. 1.september 2010 til 1. november 2013).

For å følge utviklinga innan den samla polarforskinga, med særskilt fokus på Svalbard, har NIFU STEP publisert utgreiinga «Norsk polar-

forskning – forskning på Svalbard, nr 8/2008». Kartlegginga er ei oppfølging av eit tilsvarande prosjekt bygd på data frå 2001. Kartlegginga samanliknar også norsk forsking med utanlandsk forsking. Det syner seg at talet på forskardøgn på Svalbard er på 30 000, ein auke på 6 pst. frå 2002. Av desse sto norske forskardøgn for 47 pst. Noreg er såleis ein dominerande forskingsnasjon på Svalbard. Det er planlagt å gjennomføre ei ny undersøking i 2011 for å kartlegge den vidare utviklinga og verknaden av Polaråret og nordområdesatsinga.

EISCAT

EISCAT (European Incoherent Scatter) Scientific Association er ein internasjonal organisasjon som ved hjelp av store radarinstallasjonar driv atmosfærreforskning, bl.a. på nordlys og ozon. Informasjonen som radarane gir, har i tillegg til grunnforskning, også verdi for navigasjon, satellittposisjonering, telesamband med meir. Radarane kan gi førehandsinformasjon om partikkelutbrot frå sola, som kan få store uheldige konsekvensar for ulik infrastruktur på bakken.

Det er inngått ei ny samarbeidsavtale for EISCAT frå 1. januar 2007. Vertslanda Noreg, Sverige og Finland har etter den nye avtala teke på seg ein større del av medlemskostnadene for observasjonstida. Kina har komme til som nytt medlem, og Deutsche Forsungsgemeinschaft er blitt tysk partner frå 2007 med Leibniz-Institut für Atmosphärenphysik, Kuhlungsborner, som forskingsutøvande institusjon. EISCAT har også avtaler med Frankrike, Russland og Ukraina om kjøp av observasjonstid på radaranlegga.

Gjennom ein designstudie finansiert av EUs 6. rammeprogram arbeider EISCAT med å utvikle eit konsept for eit nytt fasestyrt radarsystem, som på sikt kan komme til å erstatte dagens anlegg i Nord-Skandinavia. Dette prosjektet, EISCAT-3D, er også komme inn på ESFRIs vegkart for europeisk forskingsinfrastruktur i framtida, etter framlegg frå Sverige og med støtte frå Noreg og Finland. EISCAT leverte søknad om støtte til Preparatory Phase-prosjektet til EU-kommisjonen i desember 2009, og forhandlingane om kontrakten vart innleia i april 2010 om ein sum på maksimalt 4,5 mill. euro. Norsk partner i prosjektet er Institutt for fysikk og teknologi ved Universitetet i Tromsø. Venta prosjektstart er oktober 2010 og Preparatory Phase er planlagt frå 2010 til 2014. Sjølv konstruksjonsfasen vil ta to til tre år, og anlegget reknar med å ha ei levetid på 30 år.

Den norske kontingenenten for EISCAT vil vere 4,8 mill. kroner både i 2010 og 2011.

Meteorologiske tenester

Kunnskapsdepartementet finansierer drifta av dei meteorologiske stasjonane på Bjørnøya og Hopen over Meteorologisk institutts budsjett. Instituttet har også flyvårteneste ved Svalbard lufthamn på oppdrag frå Avinor.

Barnehagar

Ved utgangen av 2009 gjekk 133 barn i barnehage i den norske busetnaden på Svalbard. Desse barna gjekk i til saman tre ordinære barnehagar som ligg i Longyearbyen. Lov 17. juni 2005 nr. 64 om barnehagar (barnehagelova) gjeld ikkje for Svalbard. Kongen har i medhald av § 25 høve til å fastsetje forskrift om å gi lova verknad for Svalbard, men heimelen er ikkje blitt brukt. I praksis er det likevel intensjonane i barnehagelova som er styrande for drifta av barnehagane, og det er ingen vesentlege skilnadar mellom drift av barnehagar i Longyearbyen og på fastlandet. Fylkesmannen i Troms gjennomfører synfaring og tilsyn med Longyearbyen lokalstyre som barnehagemyndighet. Sysselmannen på Svalbard skal involverast i tilsynet for å ivareta dei særskilte utfordringane for Svalbard.

Kunnskapsdepartementet har til og med 2010 gitt øyremerkt statstilskot til barnehagar på Svalbard. Når løyingane til drift av barnehagar blir innlemma i rammetilskotet til kommunane frå 1. januar 2011, vil det øyremerkte statstilskottet bli avvikla. Midlar til drift av barnehagar på Svalbard blir derfor overførte til svalbardbudsjettets kap 3. Tilskot til Longyearbyen lokalstyre.

4.4 Finansdepartementet

Det er ei eiga skattelov for Svalbard. Gjennom lov 29. november 1996 nr. 68 om skatt til Svalbard (svalbardskattelova) er dei alminnelege føresegnene om likningsforvaltning og skatteinnkrevjing i stor grad gjort gjeldande for Svalbard for inntekt som blir likna.

Med verknad frå og med inntektsåret 2008 vedtok Stortinget visse endringar i skattesystemet for Svalbard. Endringane gjer skattesystemet for Svalbard meir tidsmessig og betre tilpassa det ordinære norske skattesystemet og internasjonale rammevilkår. Etter endringane er skattesatsen på lønnsinntekt 8 pst. opp til 12 G, og 22 pst. for inn-

tekst over 12 G. I tillegg kjem trygdeavgift for tilsette som er medlem av den norske folketrygda. Skattesatsen for alminneleg inntekt på Svalbard (selskaps- og næringsskatt) er etter endringane 16 pst. Samtidig er det generelle botnfrådraget i alminneleg inntekt dobla, frå kr. 10 000 til kr. 20 000. For nærmere omtale av dei einskilde endringane, sjå St.prp. nr 1 (2007-2008) Svalbardbudsjettet og St.prp. nr. 1 (2007-2008) Finansdepartementet.

Frå og med inntektsåret 2007 vart det på Svalbard gitt eit eige svalbardtillegg i barnetrygda. Det er lagt til grunn at dette tillegget skal vidareførast for å ivareta omsynet til barnefamiliar på Svalbard.

I tilknyting til dei endringane som er beskrivne ovanfor, har ei arbeidsgruppe under leiing av Finansdepartementet blant anna sett på praksis for skattlegging ved pendling mellom bustad på fastlandet og arbeidssstad på Svalbard. Arbeidsgruppas forslag vart sendt på høyring hausten 2008. Høyringsfristen var 31. juni 2009. Dette arbeidet blir følgt opp gjennom forslag til lovendringer i St.prp. 1 LS (2010-1011).

Svalbard skattekontor

Svalbard likningskontor vart etablert i Longyearbyen i september 1998. Likningsrådet for Svalbard, som vart oppretta i medhald av den tidlegare skattelova for Svalbard frå 1925, vart formelt avvikla per 1. november 1998. I samband med at skatteetaten frå 1. januar 2008 vart organisert i fem regionar, gjekk Svalbard likningskontor over til å heite Svalbard skattekontor. Likningsnemnda skifta namn til Svalbard skattekattenemnd. Funkjonane som fylkesskattekontor og fylkesskatte nemnd for Svalbard er lagt til Troms fylkesskattekontor og Troms fylkesskattenemnd.

Ved forskrift 4. februar 1994 nr. 111 om register over befolkninga på Svalbard, vart det etablert befolkningsregister for Svalbard. Frå desember 1999 er befolkningsregisteret administrert av Svalbard skattekontor.

I samband med etableringa av Svalbard miljøfond skal Svalbard skattekontor stå for det praktiske arbeidet med refusjonen av gebyret til fastbuande, sjå omtale under kap. 4.1.

I tillegg til å administrere befolkningsregisteret og å utføre likning etter svalbardskattelova, skal skattekontoret rekne ut kolavgift etter lov 17. juli 1925 nr. 2 om avgift av kol, jordoljer og andre mineral og bergarter som blir utførte frå Svalbard.

Løyvingane til skattekontoret går over svalbardbudsjettet. Sjå omtale under kap. 22 Likningsforvaltninga for Svalbard.

Statistisk sentralbyrå

Utarbeiding av god statistikk er viktig for å kunne gi regjeringa tilstrekkeleg oversikt over den raske utviklinga i svalbardsamfunnet. Som eit ledd i dette innførde Regjeringa i 2007 blant anna statistikklova for Svalbard. Statistisk sentralbyrå (SSB) har dei seinare åra prioritert ei styrking av svalbardstatistikken. Regjeringa foreslår at det blir løyvd 1,5 mill. kroner for 2011 til å vidareføre denne satsinga. SSB leiar no statistikkarbeidet gjennom rådgivande utval for svalbardstatistikk. Omfanget av offisiell svalbardstatistikk har dei siste åra auka betydeleg, og all ny statistikk blir publisert på ei eiga temaside (www.ssb.no/svalbard). Temasida blir oppdatert jamleg og brukarane får tilgang på eit breitt spekter av statistikk om svalbardsamfunnet frå denne sida. I juni 2010 vart det publisert ein ny rapport som tek føre seg levekåra for dei busette i Longyearbyen. Rapporten er tilgjengeleg frå temasida for Svalbard. Formidlinga av svalbardstatistikken er òg styrkt ved opprettinga av publikasjonen «Dette er Svalbard».

4.5 Samferdselsdepartementet

Telenor ASA tilbyr telenett og teletjenester til Svalbard. Tidlegare gjekk teletrafikken mellom fastlandet og øygruppa via satellittsamband. Frå januar 2004 har Svalbard fått samband med fastlandet via fiberkabel. Kabelen er primært etablert for å betre kommunikasjonen til og frå jordstasjonsverksemda på Svalbard, men lokalsamfunnet nyttar òg kapasitet i kabelen. Norsk Romsenter AS har teke initiativ til og eig kabelen, mens Telenor er gitt ansvaret for drifta. I revidert nasjonalbudsjett for 2010 vart det løyvd 60 mill. kroner til ein ny fiberoptisk kabel mellom Ny-Ålesund og Longyearbyen. Kabelen vil betre dataoverføringskapasiteten mellom Ny-Ålesund og Longyearbyen og gi betre utbytte av forskinga innan mange fagområde.

Dekning av eventuelle meirkostnader for Telenor ved å tilby samfunnspålagte teletjenester for Svalbard er regulert i ei eiga avtale mellom Telenor og Justisdepartementet.

Posten Noreg AS utfører samfunnspålagte posttjenester på Svalbard. Posten reknar med at teneestene vil gå i balanse. Eit eventuelt underskot vil bli belasta over ei eventuell løyving til statleg kjøp av posttjenester over Samferdselsdepartementets budsjett.

Avinor AS eig og driv Svalbard lufthamn. Som for resten av dei bedriftsøkonomisk ulønnsame

lufthamnene Avinor driv, blir underskotet dekt inn ved hjelp av overskot frå dei større, lønnsame lufthamnene.

4.6 Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet

Barnetrygd

Lov 8. mars 2002 nr. 4 om barnetrygd er gjort gjeldande for personar som er medlemmer i folketrygda etter lov 28. februar 1997 nr. 19 om folketrygd § 2-3, og som oppheld seg på Svalbard. Det vart i 2009 utbetalt barnetrygd til om lag 400 barn busette på Svalbard. I 2011 er det venta at 7,2 mill. kroner vil gå til dekning av utgifter til barnetrygd for busette på Svalbard, av desse 1,6 mill. kroner i svalbardtillegg, over kap. 845 Barnetrygd, post 70 Tilskot.

Kontantstøtte

Lov 26. juni 1998 nr. 41 om kontantstøtte til småbarnsforeldre, er på same måten som barnetrygdlova gjort gjeldande for Svalbard. Det er for 2011 budsjettet med eit lågt tal for kontantstøtte over kap. 844 Kontantstøtte, post 70 Tilskot.

Barnevernet

Forskrift 1. september 1995 nr. 772 om lov om barneverntenesta på Svalbard, regulerer fordelinga av ansvar og dekninga av utgifter til barneverntiltak overfor barn og unge som oppheld seg på Svalbard. Barneverntenesta sine oppgåver etter barnevernlova vert utførte av Longyearbyen lokalstyre, jf. delegasjonsvedtak frå departementet av 21. desember 2001. Statleg regional barnevernstyresmakt ved region nord har ansvaret for å yte tenester til barnet i samsvar med lova § 8-2. Fylkesmannen i Troms skal føre tilsyn med barneverntenesta på Svalbard og elles utføre dei oppgåvane som følger av barnevernlova § 2-3 tredje ledd.

I 2009 dekte departementet utgifter i samband med barn som mottok tiltak frå barnevernet i samsvar med forskrift om barneverntenesta på Svalbard. Utgiftene er refunderte Longyearbyen lokalstyre via Fylkesmannen i Troms. Utgiftene var i 2009 på 1,2 mill. kroner og er i 2011 budsjetterte til 1 mill. kroner.

4.7 Helse- og omsorgsdepartementet

Universitetssjukehuset Nord-Noreg HF, avdeling Longyearbyen sjukehus, er i første rekke eit akuttmedisinsk beredskapsjukehus. I tilegg utfører det polikliniske undersøkingar, utgreiingar og behandling av sjukdommar og skadar, og det utfører enkelte mindre og mellomstore planlagde operasjonar.

Longyearbyen sjukehus yter òg ein del tenester som på fastlandet ikkje blir gitt ved sjukehus. I tilegg til allmennlegehjelp, som kan samanliknast med fastlegen sitt arbeid på fastlandet, tilbyr sjukehuset jordmor- og helsesøstereneste, fysioterapiteneste, tannlegeteneste (inkludert tannregulering), bedriftshelseteneste og optikarteneste.

Det blir òg ytt tenester innafor barne- og ungdomspsykiatri ved at psykolog/psykiater frå fastlandet jamleg er tilgjengeleg for konsultasjon. For tida blir det òg prøvd ut ei tilsvarende ordning for vaksne.

Det akuttmedisinske tilbodet består av medisinsk naudmeldeteneste (AMK), omgåande hjelp, ambulanseteneste, redningshelikopterteneste (organisert via og i samarbeid med Sysselmannen) og flyambulanse.

Tilbodet som er gitt ved Longyearbyen sjukehus er meint for busetnaden i Longyearbyen og dei andre norske busetnadene på øygruppa. Det blir òg ytt akuttmedisinske tenester til andre som ferdastr på og rundt øygruppa og havområda omkring. Den russiske busetnaden i Barentsburg har eigenfinansiert helseteneste.

Den alminnelege helselovgivinga er i litra grad gjort gjeldande på Svalbard. Helse- og omsorgsdepartementet vil gå igjennom all helselovgiving og vurdere om heile eller delar av lovgivinga skal gjeraast gjeldande for Svalbard.

4.8 Fornyings-, administrasjons- og kyrkjedepartementet

Statsbygg forvaltar hovuddelen av dei statlege eigedommane i Longyearbyen, blant anna Kjell Henriksen-observatoriet, Svalbard globale frøklev, Svalbard forskingspark, Svalbard kyrkje, Sysselmannens administrasjonsbygg, post- og bankbygget, fleire lagerbygningar og 111 bustader. Statsbygg forvaltar òg dei meteorologiske stasjonane på Hopen og Bjørnøya, og Norsk Polarinstitutts forskingsbygg (Sverdrupstasjonen) i Ny-Ålesund. Forvaltning, drift og vedlikehald av Sysselmannen sitt administrasjonsbygg, post- og bankbygget, nokre lagerbygg, Statsbygg sitt

administrasjonsbygg og alle bustadene vert finansiert over svalbardbudsjettet. Dei andre eigedommane er innlemma i husleigeordninga og vert forvalta under kap. 2445 Statsbygg i statsbudsjettet. Husleiga som skal betalast til Statsbygg for desse bygga, vert finansiert over svalbardbudsjettet.

Svalbard kyrkje

Svalbard kyrkje betener alle som bur på øygruppa. Forutan den norske busetjinga i Longyearbyen og Ny-Ålesund inkluderer dette òg befolkninga i Barentsburg, Hornsund og Svea, og dessutan fangstfolk og andre som overvinrar rundt om på Svalbard.

Alle som ønskjer det, skal ha tilgang til Svalbard kyrkje. Registrerte gjester i 2009 var 13 123, og av desse deltok 5 862 i kyrkjelege handlingar. I Longyearbyen er meir enn 30 nasjonar representerte i befolkninga eller som studentar ved UNIS. Den polske forskarstasjonen i Hornsund får betening frå katolsk prest frå Tromsø, med tilrettelegging frå Svalbard kyrkje. Det er ei målsetjing at busetjinga i Barentsburg skal få tenester av den russisk-ortodokse kyrkja.

Kyrkja på Svalbard utfører tenester så som gudstenester, dåp, konfirmasjon, vigsel, sørgjegudstenester og sjælesorg, i tillegg til anna kyrkjeleg verksemد utført av prest og kateket. Talet på gustenestedeltakarar har dei siste åra vore på gjennomsnittleg 60 personar per gudsteneste, mens samla tal for 2009 var 2 874 personar som deltok i gudstenester. 15 barn vart døypte i 2009 og kyrkja hadde 11 konfirmantar våren 2009.

Peiestova i kyrkja vert driven av hushaldsstyrraren og er ein samlingsstad for kyrkja sitt arbeid for busetnaden, gjester og turistar. Kyrkja har barne gospelkor, konfirmantarbeid og speidargruppe. Peiestova er òg senter for pårørande ved ulykker og katastrofar.

I Longyearbyen har kyrkja eit utstrekkt samarbeid med skule, barnehagar og sjukehus. Soknepresten har sete i LRS (lokal redningssentral), og samarbeidet mellom kyrkja og Sysselmannen er godt.

Ein viser elles til dei målformuleringane som er sett for Den norske kyrkja i Prop. 1 S (2010–2011) frå Fornyings-, administrasjons- og kyrkjedepartementet.

4.9 Kulturdepartementet

På Kulturdepartementets budsjett for 2010 er det foreslått avsett midlar til velferdstiltak på Svalbard. Det vil over kap. 320 Allmenne kulturformål, post 74 Tilskot til tiltak under Norsk kulturråd, på eit seinare tidspunkt, bli fastsett eit tilskot til kulturtiltak. Norsk kulturråd forvaltar tilskotet som blir kanalisert gjennom Longyearbyen lokalstyre.

Vidare er det over kap. 326 Språk-, litteratur- og bibliotekformål, post 78 Ymse faste tiltak, foreslått eit tilskot på 274 000 kroner til bibliotekenes te på Svalbard i 2010. Longyearbyen lokalstyre, Kultur- og fritidsføretaket, har driftsansvar for Longyearbyen folkebibliotek, men Longyearbyen lokalstyre yter tilskot til drifta.

Svalbard museum får i statsbudsjettet for 2011 ei løying på 1,6 mill. kroner over Kulturdepartementets budsjettkapitel 328 post 70 Det nasjonale museumsverket. Svalbard museum er eit natur- og kulturhistorisk museum lokalisert i Svalbard forskingspark i Longyearbyen. Svalbard museum er innlemma i det nasjonale museumsverket.

Svalbardposten mottek pressestøtte etter reglane i forskrift om produksjonstilskot til dagspressa. Tilskotet blir rekna ut etter opplagstala til avisene, og tilskotet det enkelte år blir ikkje fastsett før i oktober same året. Svalbardposten fekk 410 000 kroner i produksjonstilskot i 2009. Tilskotet for 2010 vil venteleg bli om lag det same.

5 Oversikt over forslag til løyvingar på svalbardbudsjettet for 2011

Følgjande oversikt viser rekneskapstal for 2009, vedteke budsjett for 2010 og forslag til løyving

over svalbardbudsjettet for 2011. Inntektene er eksklusive tilskotet frå statsbudsjettet.

	(i 1000 kr)	Rekneskap 2009	Saldert budsjett 2010	Forslag 2011
Utgifter		240 828	248 787	266 886
Inntekter		538 724	135 810	175 800

Utgifter under programkategori 06.80 fordelt på kapittel

Kap.	Nemning	Rekneskap 2009	Saldert budsjett 2010	Forslag 2011	Pst. endr. 10/11
0001	Svalbard kyrkje	3 618	3 750	4 011	7,0
0002	Tilskot til kulturelle formål m.m.	960	960	960	0
0003	Tilskot til Longyearbyen lokalstyre	92 822	93 700	108 176	12,0
0004	Tilskot til Svalbard Museum		5 650	5 825	3,1
0005	Sysselmannen (jf. kap. 3005)	33 261	31 000	31 900	2,9
0006	Sysselmannens transportteneste (jf. kap. 3006)	75 298	75 000	76 775	2,4
0007	Tilfeldige utgifter	3 905	4 177	4 000	-4,2
0009	Kulturminnetiltak	2 061	2 150	2 175	1,2
0011	Direktoratet for mineralforvaltning med Bergmeisteren for Svalbard	1 309	1 400	1 429	2,1
0017	Refusjon til Norsk Polarinstitutt	2 800	2 900	2 950	1,7
0018	Fyr og radiofyr	3 500	3 600	3 675	2,1
0019	Statens bygningar på Bjørnøya og Hopen	5 990	6 200	6 300	1,6
0020	Statens bygningar i Longyearbyen (jf. kap. 3020)	12 815	15 500	15 850	2,3
0022	Likningsforvaltninga for Svalbard	2 489	2 800	2 860	2,1
Sum kategori 06.80		240 828	248 787	266 886	7,3

Utgifter under programkategori 06.80 fordelt på postgrupper

Post-gr.	Nemning	Rekneskap 2009	Saldert	Forslag 2011	(i 1 000 kr) Pst. endr. 10/11
			budsjett 2010		
01-23	Driftsutgifter	142 924	141 577	150 700	6,4
30-49	Nybygg, anlegg m.v.	1 322	4 000	4 100	2,5
50-58	Overføringar til andre statsrekneskapar	2 800	2 900	2 950	1,7
70-89	Overføringar til private	93 782	100 310	109 136	8,8
	Sum under departementet	240 828	248 787	266 886	7,3

Inntekter under programkategori 06.80 fordelte på kapittel

Post-gr.	Nemning	Rekneskap 2009	Saldert	Forslag 2011	(i 1 000 kr) Pst. endr. 10/11
			budsjett 2010		
3005	Sysselmannen (jf. kap. 5)	6 047	250	200	-20,0
3006	Sysselmannens transportteneste (jf. kap. 6)	2 706	1 200	900	-25,0
3020	Statens bygningar i Longyearbyen (jf. kap. 20)	3 553	3 250	3 600	10,8
3030	Skattar og avgifter	526 418	131 110	171 100	30,5
3035	Tilskot frå statsbudsjettet	-297 841	112 977	91 086	-19,4
	Sum kategori 06.80	240 883	248 787	266 886	7,3

Del II
Dei enkelte utgifts- og inntektskapitla

Kap. 0001 Svalbard kyrkje

Post	Nemning	Rekneskap 2009	(i 1 000 kr)	
			Saldert budsjett 2010	Forslag 2011
01	Driftsutgifter	3 618	3 750	4 011
	Sum kap 0001	3 618	3 750	4 011

Det vert utført tre årsverk ved Svalbard kyrkje. Forslag til løyving for 2011 skal blant anna dekkje husleige for kyrkja, lønnsutgifter, varer og tenester som kyrkja står for i arbeidet sitt, drift av tenestebil, snøskuter, leige av helikopter, og drift av bustad. Auken i 2011 skuldast utgifter knytte til

tenestebustad for hushaldsleiar/diakon. Svalbard kyrkje er eigd av staten og det er Statsbygg som har forvaltningsansvaret for bygningen. Drifts- og vedlikehaldsutgiftene for kyrkja blir dekte over kap. 2445 Statsbygg.

Kap. 0002 Tilskot til kulturelle formål m.m.

Post	Nemning	Rekneskap 2009	(i 1 000 kr)	
			Saldert budsjett 2010	Forslag 2011
70	Tilskot til velferdsarbeid på Svalbard	960	960	960
	Sum kap 0002	960	960	960

Forslaget til løyving skal i tråd med praksis fordelast mellom befolkninga i Barentsburg og dei norske busetnadene. Det er foreslått at Longyearbyen lokalstyre får løyvd 0,8 mill. kroner som støtte til velferdsformål. Det er ein føresetnad at midlane blir fordelt slik at dei òg kjem den norske befolkninga i dei andre norske busetnadene til gode. Forslag til løyving skal bl.a. dekkje tilskot til Kultur- og fritidsføretaket, løyving til Svalbard museum og til Longyearbyen folkebibliotek. Vidare er velferdsarbeidet i Ny-Ålesund foreslått støtta med kr. 25 000. Til befolkninga i Barentsburg er det foreslått sett av kr. 100 000.

Etter forskrift 5. april 2000 nr. 347 om overskotsutdeling frå Nordpolet AS, skal nettooverskotet frå Nordpolets sal av alkoholhaldig drikk overførast til Longyearbyen lokalstyre, som forde勒 midlane til velferdsformål. Longyearbyen lokalstyre fordeler i 2010 overskotet for 2009 som utgjorde om lag 5 mill. kroner. Longyearbyen lokalstyre rapporterer til Sysselmannen om bruken av midlane.

I tillegg er det over Kulturdepartementets budsjett for 2011 foreslått å løyve til saman om lag 1,8 mill. kroner til kulturformål på Svalbard, jf. omtale i punkt 4.9.

Kap. 0003 Tilskot til Longyearbyen lokalstyre

Post	Nemning	Rekneskap 2009	(i 1 000 kr)	
			Saldert budsjett 2010	Forslag 2011
70	Tilskot til Longyearbyen lokalstyre	92 822	93 700	108 176
	Sum kap 0003	92 822	93 700	108 176

For 2011 er det foreslått eit tilskot til Longyearbyen lokalstyre (LL) på til saman 108,2 mill. kroner. Løyvinga skal dekkje utgiftene til drift av og investeringar i lokalstyret si verksemnd.

Kunnskapsdepartementet har til og med 2010 gitt øyremerkt statstilskot til barnehagar på Svalbard. Når løyvingane til drift av barnehagar blir innlemma i rammetilskotet til kommunane frå 1. januar 2011, vil det øyremerkte statstilskotet bli avvikla. Midlar til drift av barnehagar på Svalbard blir derfor overførte til svalbardbudsjettet. Det vert rammeoverført totalt 11,2 mill. kroner frå Kunnskapsdepartementets budsjettkapittel 231, post 60 og 62 til svalbardbudsjettets kap 3. Tilskot til Longyearbyen lokalstyre. I tillegg er 0,1 mill. kroner rammeoverført frå Kunnskapsdepartementet til svalbardbudsjettet i samband med bl.a. gratis leksehjelp og ekstra undervisningstime.

Rentekompensasjonsordninga for rehabilitering og investering i skule- og symjeanlegg som blei etablert i budsjettet for 2009, er meint å stimulere kommunar og fylkeskommunar til å forbetre det fysiske miljøet til elevar og lærarar. Det er ikkje lagt til grunn at LL kan søke om rentekompensasjon. Alle skulepolitiske tiltak bør imidlertid òg gjelde for Svalbard så langt det passar. Det blir derfor foreslått å kompensere LL for at Svalbard ikkje ble inkludert i ordninga. Regjeringa foreslår derfor å auke løyvinga med 0,4 mill. kroner.

Vidare foreslår ein å auke tilskotet til Longyearbyen lokalstyre med 0,1 mill. kroner i form av ei rammeoverføring frå Nærings- og handelsdepartementets budsjett. Auken er knytt til arbeidet med samfunns- og næringsanalysen.

Lokalstyret har gjennom det kommunale føretaket Bydrift Longyearbyen ansvar for produksjon og distribusjon av elektrisk kraft og fjernvarme. Departementet føresett at lokalstyret avset midlar til tilstrekkelig vedlikehald av infrastrukturen for kraft- og fjernvarmeproduksjon. Dei seinare åra har det vore løyvd midlar til investeringar i fjernvarmenettet. For 2010 vart det løyvd 7,1 mill. kroner til dette formålet. Denne løyvinga er vidareført for 2011. Fjernvarmenettet er finansiert ved hjelp av låneopptak og løyvinga på 7,1 mill. kroner

skal nyttast til å dekkje kostnadane ved dette lånet.

Det vart varsla i Prop. 1 S (2009-2010) Svalbardbudsjettet at ein ville setje ned ei arbeidsgruppe for å lage ein rapport som skulle danne grunnlaget for avgjerder om val av framtidig energikjelde. Bakgrunnen for ønsket om ei arbeidsgruppe, var blant anna eit reinsekrav på kraftverket som Klima- og fourengsdirektoratet (Klif) har pålagt LL med verknad frå juli 2012. Justisdepartementet har av fleire årsaker bestemt at det ikkje er hensiktsmessig på noverande tidspunkt å etablere ei arbeidsgruppe.

Etablering av eit nytt kraftverk i Longyearbyen vil krevje betydelege investeringar og eit slikt kraftverk vil ha ei levetid på fleire tiår framover. Dagens kraftverk i Longyearbyen er kolbasert og kol vil kunne vere aktuelt som energikjelde også framover. Ein reknar vidare med at dagens kraftverk, kanskje med nokre høgare driftskostnader i åra framover, vil kunne fungere tilfredsstillande i fleire år. Justisdepartementet har etter ein heilsakleg vurdering komme fram til at det ikkje vil vere riktig på noverande tidspunkt å ta stilling til val av framtidig energikjelde. I tida framover vil ein ha merksemd mot koldriftas framtidsutsikter, jf. St.meld. nr. 22 (2008-2009) Svalbard, og samstundes sjå an utviklinga med omsyn til alternative energikjelder.

Lokalstyret har i tillegg fått utarbeidd rapportar frå uavhengige konsulentar om framtidig energikjelde og eit miljørekneskap knytt til dei ulike val. Desse rapportane vil bli viktige i departementet sitt vidare arbeid med energiforsyninga i Longyearbyen. I sum har dette gjort at departementet i første omgang, saman med LL som eigar av kraftverket, vil sjå på løysingar for å innfri reinsekravet frå Klif. Lokalstyret har òg utarbeidd ein framdriftsplanning som inneheld ulike tiltak for å dette målet.

Longyearbyen lokalstyre hadde tidlegare ansvaret for den delen av Svalbard forskingspark som utgjer Svalbard museum. Svalbard museum vart omgjord til eiga stiftelse 1. januar 2006. Løyvinga til Svalbard museum vart frå og med 2010 gitt direkte til museet gjennom det nyoppredda kap. 4 Tilskot til Svalbard museum.

Kap. 0004 Tilskot til Svalbard museum

Post	Nemning	Rekneskap		Forslag 2011
		2009	Saldert budsjett 2010	
70	Driftsutgifter		5 640	5 825
	Sum kap 0004		5 640	5 825

Kap. 4 Tilskot til Svalbard museum var nyopprettet i 2010. Svalbard museum fekk tidlegare løyinga via Longyearbyen lokalstyre. Museet vart 1. januar 2006 omdanna til ein eigen stiftelse. Løyvinga skal gå til dekning av husleige og andre byg-

ningsmessige kostnader for Svalbard museum i Svalbard forskingspark.

I tillegg får Svalbard museum 1,6 mill. kroner over Kulturdepartementets budsjettkapittel 328 post 70 Det nasjonale museumsverket.

Kap. 0005 Sysselmannen (jf. kap. 3005)

Post	Nemning	(i 1 000 kr)		
		Rekneskap 2009	Saldert budsjett 2010	Forslag 2011
01	Driftsutgifter	33 261	31 000	31 900
	Sum kap 0005	33 261	31 000	31 900

I 2009 vart det utført 30 årsverk ved sysselmannskontoret. Inkludert i dette talet er engasjement av ekstrabetjentar og feltinspektørar i sommarmåndene. Åremålet for tilsette ved sysselmannskontoret er seks år.

Løyvinga til Sysselmannen vart auka i 2010. Bakgrunnen for dette var den aktivitetsauken som har funne stad på Svalbard og Regjerings ønskje om å setje Sysselmannen i stand til å møte dei oppgåver og utfordringar denne auken har skapt for bestillinga. Regjeringa ser det som ei viktig oppgåve å syte for at Sysselmannen kan utføre dagens oppgåver på ein god og effektiv måte og at bestillinga er i stand til å møte nye utfordringar i tida framover. Det er for 2011 foreslått å vidareføre løyinga frå 2010. Løyvinga over kap. 5 Sysselmannen skal dekkje utgifter til lønn og drift av sysselmannskontoret, under dette utgifter til vedlikehald og fornying av utstyrsparken. I tillegg er kapitlet tilført ei prisjustering. Dette vil bidra til å oppretthalde eit høgt aktivitetsnivå hos Sysselmannen.

Oppfølginga av miljøvernoppgåvene representerer ei stadig større utfordring. Til dømes har omfanget av søknader til Sysselmannen etter svalbardmiljølova dei siste åra auka betydeleg. Styrking av miljøvernarbeidet på Svalbard er derfor

heilt nødvendig sett på bakgrunn av klimaendringer og auka menneskeleg aktivitet, som kan påverke miljøet. Midlar til styrking av miljøvernarbeidet vart gitt over Miljøverndepartementets kap. 1400.

Arbeidet med reparasjon og oppgradering av sysselmannsbustaden vil fortsetje i 2011. Regjeringa foreslår derfor å vidareføre løyinga til dette på kap. 0020, post 45 Statens bygningar i Longyearbyen, med 3,4 mill. kroner.

Sysselmannen disponerer store utstyr- og transportressursar, bl.a. terrenggåande beltevogner, småbåtar, snøskuterar og utstyr for oljevernberedskap. Dette er nødvendig for å kontrollere og halde oppsyn med øygruppa. Saman med helikopter og skip er utstyrsparken òg nødvendig for redningsberedskapen på øygruppa. Sysselmannen har òg betydelege vertskaps- og representasjonsoppgåver i samband med besøk frå inn- og utland. Fleire av besøka er på høgt politisk nivå. Det er venta at omfanget av desse oppgåvene vil halde fram i takt med at interessa for Svalbard og Regjeringa si satsing i nordområda.

Justisdepartementet ber Stortinget samtykkje i at departementet i 2011 kan bestille varer for inn til 3 mill. kroner ut over løyinga som er gitt under kap. 5 post 01, jf. forslag til vedtak. Svalbardbud-

sjettet er i stor grad eit driftsbudsjett. Fullmakta er meint å dekkje Sysselmannens behov for større utstyrsinvesteringar over budsjetterminane.

Kap. 3005 Sysselmannen (jf. kap. 5)

Post	Nemning	(i 1 000 kr)		
		Rekneskap 2009	Saldert budsjett 2010	Forslag 2011
01	Diverse inntekter	885	250	200
02	Refusjonar mv.	5 162	0	0
	Sum kap 3005	6 046	250	200

Kapitlet korresponderer med kap. 5 Sysselmannen. Inntektene på post 01 omfattar bøter, gebyr, inndragingsar og inntekter ved auksjonar, sal av isbjørnskinn og reinsdyrkjøtt. Bøter blir kravde inn av Statens Innkrevingssentral, men inntektsførte Sysselmannen. Sysselmannen mottek diverse refusjonar og får midlar stilte til disposisjon ved posteringsfullmakter. Omfanget av refu-

sjonane varierer frå år til år, og det er vanskeleg å gi eit presist overslag. Av praktiske grunnar blir det derfor budsjettert med 0 kroner på post 02. Det er foreslått at Justisdepartementet får fullmakt til å overskride løvinga under kap. 5 post 01 tilsvarende det inntektsførte beløpet under kap. 3005, post 02, jf. forslag til vedtak.

Kap. 0006 Sysselmannens transportteneste (jf. kap. 3006)

Post	Nemning	(i 1 000 kr)		
		Rekneskap 2009	Saldert budsjett 2010	Forslag 2011
01	Driftsutgifter	75 298	75 000	76 775
	Sum kap 0006	75 298	75 000	76 775

Avstandane på Svalbard er store. Det finst ikkje vegsamband eller offentlege kommunikasjonsmiddel for intern transport mellom busetnadene og elles på øygruppa. For å kunne utøve det oppsynet som er nødvendig for å handheve norsk suverenitet, er Sysselmannen heilt avhengig av både helikopter og skip. Desse transportmidla er òg heilt nødvendige for ei effektiv politi- og redningsteneste, og for ambulanse- og sjuketransport, også utanfor Svalbards territorialfarvatn. Transportmidla blir dessutan nytta til naturoppsyn og førebyggjande arbeid mot miljøkriminalitet. Utan helikopter og skip vil det ikkje vere mogleg å føre eit effektivt tilsyn med verneområde, kulturminne, jakt, ferdsel og turisme også i dei fjerne delane av øygruppa. I 2009 utførte Sysselmannen i alt 81 ambulanseoppdrag.

Kapitlet dekkjer stasjonering og drift av to tenestehelikopter. Sysselmannen har kontrakt om

leige av helikopterteneste. Kontrakten gjeld leige av eit Super Puma AS 332 L1 AW SAR helikopter og eit AS 365 Dauphin N2 helikopter, begge med avansert redningsutstyr. Denne samansetjinga gir etter departementets vurdering Sysselmannen stor fleksibilitet når ulike SAR (search and rescue)-oppdrag skal utførast. Samtidig er samansetjinga særskilt godt eigna i forhold til den kombinasjonsløysinga det er lagt opp til på Svalbard. Helikoptra skal fungere både i rednings- og beredskapsoppdrag og som tenestehelikopter for Sysselmannens ulike oppdrag. Utleige til andre brukarar blir inntektsfört Sysselmannen, jf. kap. 3006.

Dagens helikopterkontrakt går ut i 2014. Sysselmannen og Justisdepartementet har starta arbeidet med å førebu ein ny kontrakt. For meir omtale, sjå pkt. 2.1.2 i del I.

Vidare dekkjer kapitlet utgifter til leige av tenestefartøy med helikopterdekk. Justisdeparte-

mentet har ein kontrakt om å leige inn fartøyet Nordsyssel omlag 7 månader kvart år. Dette skipet er eit isgåande fartøy og er svært viktig både i den generelle beredskapen og for oljevernbered-

skapen. Kontrakten går ut etter sesongen 2012 og Sysselmannen og Justisdepartementet har starta arbeidet med å førebu ei ny kontrakt.

Kap. 3006 Sysselmannens transportteneste (jf. kap. 6)

Post	Nemning	(i 1 000 kr)		
		Rekneskap 2009	Saldert budsjett 2010	Forslag 2011
01	Leigeinntekter	846	1 200	900
02	Refusjonar	1 860	0	0
	Sum kap 3006	2 706	1 200	900

Kapitlet korresponderer med kap. 6 og viser venta inntekter og refusjonar ved uteleige av dei transportmidla Sysselmannen disponerer. Etter avtale med leverandørar av transporttenester, skal Sysselmannen ha inntektene/refusjonane dersom desse blir nytta av andre. Inntektene knyter seg til uteleige til privat verksemد, mens refusjonar gjeld uteleige til andre statlege institusjonar.

For å skilje mellom inntekter og refusjonar er det ein post 01 Leigeinntekter og ein post 02 Refusjonar under kap. 3006. Det blir foreslått løyvd 0 kroner på post 02, då refusjonane varierer frå år til år og det er vanskeleg å gi eit presist overslag. Det blir foreslått at Justisdepartementet får fullmakt til å overskride løyvinga under kap. 6 post 01 tilsvarende det inntektsførte beløpet under kap. 3006, post 02, jf. forslag til vedtak.

Kap. 0007 Tilfeldige utgifter

Post	Nemning	(i 1 000 kr)		
		Rekneskap 2009	Saldert budsjett 2010	Forslag 2011
01	Driftsutgifter	3 905	4 177	4 000
	Sum kap 0007	3 905	4 177	4 000

Løyvinga under denne posten er disponert av Justisdepartementet. Posten skal dekkje informasjonstiltak, støtte til utgreiingar og liknande, og mindre, ikkje føresette utgifter.

Dei meirutgiftene Telenor har i samband med samfunnspålagnede teletjenester på Svalbard er dekte over denne posten. Dei årlege utgiftene utgjer 3,5 mill. kroner. Sjå omtale under pkt. 4.5.

Kap. 0009 Kulturminnetiltak

Post	Nemning	(i 1 000 kr)		
		Rekneskap 2009	Saldert budsjett 2010	Forslag 2011
01	Driftsutgifter	2 061	2 150	2 175
	Sum kap 0009	2 061	2 150	2 175

Kulturminnevernet er ein del av eit samla miljøvern på Svalbard og skal samle og ivareta kunn-

skap om kulturminne på øygruppa. I tillegg skal det tene til å verne, forvalte og halde ved like kul-

turminna i samsvar med forskrifter og vedtekne planar, og informere om Svalbards kulturhistorie, og kulturmiljø og vernetiltak i tilknyting til dette.

Kulturminneplan for Svalbard 2010-2020 vil foreligge i 2011. Planen danner grunnlaget for dei forvaltningsstrategiane det er lagt vekt på i kulturminnevernet for Svalbard.

Arbeidet med undersøkingar i felt og registreringar held fram. I samsvar med kulturminneplanen blir det arbeidd med bygningsvern og med å avdekkje nedbrytingsmekanismar for å utvikle metodar for istandsetjing og vedlikehald. Det er òg viktig å føre vidare det haldningsskapande informasjonsarbeidet, bl.a. gjennom ein serie med informasjonshefte.

Kap. 0011 Direktoratet for mineralforvaltning med Bergmeisteren for Svalbard

Post	Nemning	(i 1 000 kr)		
		Rekneskap 2009	Saldert budsjett 2010	Forslag 2011
01	Driftsutgifter	1 309	1 400	1 429
	Sum kap 0011	1 309	1 400	1 429

Bergmeisteren for Svalbard og Bergvesenet vart slått saman i 2003. Etaten skifta namn til Direktoratet for mineralforvaltning med Bergmesteren for Svalbard som følgje av at ny minerallov vart

gjort gjeldande frå 1. januar 2010. I dag har Direktoratet hovudkontor i Trondheim. I tillegg har direktoratet eige kontor og ei bergmesterstilling på Svalbard. For nærmare omtale, sjå kap. 4.2.

Kap. 0017 Refusjon til Norsk Polarinstitutt

Post	Nemning	(i 1 000 kr)		
		Rekneskap 2009	Saldert budsjett 2010	Forslag 2011
50	Refusjon	2 800	2 900	2 950
	Sum kap 0017	2 800	2 900	2 950

Norsk Polarinstitutt er underlagt Miljøverndepartementet. Instituttet har ei omfattande verksemd på Svalbard, med bl.a. forsking, miljøovervaking, topografisk og geologisk kartlegging, forskings-service, drift av forskningsstasjonar, ettersyn av fyr og rådgiving i miljøspørsmål overfor sentrale og lokale forvaltingsorgan. Det meste av budsjettmidlane til instituttets verksemd på Svalbard blir dekte over Miljøverndepartementets budsjett, kap. 1471.

Refusjonen til Norsk Polarinstitutt over svalbardbudsjettet skal gi delvis dekning for oppgåver instituttet utfører på Svalbard for andre enn miljøforvaltninga. Dette omfattar topografisk kartlegging, forvaltingsrådgiving overfor Sysselmannen og miljøretta kunnskapsformidling og informasjon. Polarinstituttet yter òg logistisk støtte til norsk og utanlandsk forskingsverksemd på Svalbard, jf. pkt. 4.1.

Kap. 0018 Fyr og radiofyr

Post	Nemning	(i 1 000 kr)		
		Rekneskap 2009	Saldert budsjett 2010	Forslag 2011
01	Driftsutgifter	3 500	3 600	3 675
	Sum kap 0018	3 500	3 600	3 675

Løyvinga skal dekkje utgifter til navigasjonsinnretningar i farvatnet ved Svalbard. Innretningane er i vanleg vis etablerte for sjøtrafikk, men det finst også eit visst tal aerolykter etablerte for luftrafikk med

helikopter. Norsk Polarinstitutt utfører tenesta på oppdrag frå Kystverket, og så langt det er praktisk mogeleg i kombinasjon med instituttets ekspedisjonsverksemd på Svalbard.

Kap. 0019 Statens bygningar på Bjørnøya og Hopen

Post	Nemning	Rekneskap 2009	(i 1 000 kr)	
			Saldert budsjett 2010	Forslag 2011
01	Driftsutgifter	5 990	6 200	6 300
	Sum kap 0019	5 990	6 200	6 300

Det vart i 2005 oppretta eit nytt kap. 19 Statens bygningar på Bjørnøya og Hopen. Målet er å gjere synlege utgiftene til husleige for statens bygningar. Løyvinga på kapitlet vart overført frå kap. 20

Statens bygningar i Longyearbyen. Dei meteorologiske stasjonane på Bjørnøya og Hopen vart innlemma i den statlege husleigeordninga frå 2004.

Kap. 0020 Statens bygningar i Longyearbyen (jf. kap. 3020)

Post	Nemning	Rekneskap 2009	(i 1 000 kr)	
			Saldert budsjett 2010	Forslag 2011
01	Driftsutgifter	11 493	11 500	11 750
45	Større utstyrssinnkjøp og vedlikehald, <i>kan overførast</i>	1 322	4 000	4 100
	Sum kap 0020	12 815	15 500	15 850

Post 01 Driftsutgifter

Løyvinga skal dekkje utgifter til vedlikehald og drift av bygningsmassen som ikkje er innlemma i den statlege husleigeordninga på kap. 2445 i statsbudsjettet, slik som inventar, lys, fjernvarme, vatn, avløp, renovasjon, vegar og veglys. Vidare skal løyvinga dekkje lønn og drift for delar av lokaladministrasjonen til Statsbygg. Løyvinga dekkjer òg utgifter til husleige for bygga som vert forvalta av Statsbygg innafor husleigeordninga i statsbudsjettet.

rasjonar som følgje av setningsskadar og bygningen må fundamenteras på nytt. Frå 2008 er det løyvd midlar som har gått med til førebuande arbeid. I 2010 vil fundamenteringa verte gjennomført, og det vil vere klart for å begynne reparasjons- og rehabiliteringsarbeida av sjølve bygningen i 2011. Saman med auka aktivitet ved sysselmannsbestillinga, har det også vore ein auke i talet på representasjonsoppdrag hos Sysselmannen. Regjeringa ser det som viktig at Sysselmannen har representative og eigna lokal til dette og føreslår derfor å videreføre løyvinga i 2011, slik at dette arbeidet kan fortsetje. Arbeidet vil truleg halde fram til 2013.

Post 45 Større utstyrssinnkjøp og vedlikehald, kan overførast

Bustaden for sysselmannen har over tid hatt behov for rehabilitering. Det er også behov for repa-

Kap. 3020 Statens bygningar i Longyearbyen (jf. kap. 20)

Post	Nemning	Rekneskap 2009	(i 1 000 kr)	
			Saldert budsjett 2010	Forslag 2011
01	Inntekter	3 553	3 250	3 600
	Sum kap 3020	3 553	3 250	3 600

Kapitlet korresponderer med kap. 0020. Inntektene refererer seg til innbetalingar av husleige frå bygningar som ikkje er innlemma i husleigeordninga på kap. 2445 i statsbudsjettet. I tillegg kjem inntekter frå utelege av post- og bankbygningen. Kap. 3020 omfattar òg mindre inntekter frå sal av

kassert materiell og utstyr, pluss inntekter frå overnattingar på Statsbygg-riggen.

Det er foreslått at Fornyings-, administrasjons- og kyrkjedepartementet i 2011 kan overskride løyinga under kap. 20, post 01, tilsvarende inntekter utover vedtatt budsjett på kap. 3020, post 01.

Kap. 0022 Likningsforvaltninga for Svalbard

Post	Nemning	Rekneskap 2009	(i 1 000 kr)	
			Saldert budsjett 2010	Forslag 2011
01	Driftsutgifter	2 489	2 800	2 860
	Sum kap 0022	2 489	2 800	2 860

Forslaget til løying skal gå til lønns- og driftsmidlar for likningskontoret i Longyearbyen. Løyinga skal òg dekkje utgifter til likningsnemnda og overlikningsnemnda for Svalbard, og utgifter til fagleg og administrativ bistand og oppfølging frå Troms fylkesskattekontor. I samband med innføringa av miljøgebyr på Svalbard, sjå omtale under kap. 4.1 Miljøverndepartementet, skal likningskontoret på Svalbard stå for det praktiske arbeidet med refu-

sjon av gebyret til fastbuande på vegne av Svalbard miljøvernfon. Det er derfor inngått ei avtale mellom likningskontoret og miljøvernfonet som regulerer den godtgjeringa likningskontoret skal ha for denne oppgåva.

Mål- og resultatstyring av likningskontoret skjer innafor det ordinære mål- og resultatstyringssystemet som til ei kvar tid er fastsett for likningsforvaltninga på Svalbard.

Kap. 3030 Skattar og avgifter

Post	Nemning	Rekneskap 2009	(i 1 000 kr)	
			Saldert budsjett 2010	Forslag 2011
70	Skattar m.m.	510 943	126 500	162 000
71	Utførselsavgift	14 405	3 500	8 000
72	Utmålsgebyr, årsavgift	1 070	1 110	1 100
	Sum kap 3030	526 418	97 110	171 100

Post 70 Skattar m.m.

Post 70 gir eit overslag over venta skatteinntekter frå Svalbard for 2011. Skatteinntektene som vart rekneskapsførte i 2009 var unormalt høge. Dette skuldast i hovudsak eit stort overskot i gruveselskapet Store Norske Spitsbergen Kulkompani i 2008.

Post 71 Utførselsavgift

Utførselsavgift blir kravd inn i medhald av lov 17. juli 1925 nr. 2 om avgift av koll, jordoljer og andre mineral og bergarter som blir utførde frå Svalbard. Satsane for utrekning av avgift til statskassa av kol som blir utført frå Svalbard vart endra med verknad frå 1. januar 2004.

Inntektene frå utførselsavgifta er avhengig av utskipa kvantum av kol og kolprisen på verdsmarknaden. Inntektene som vart rekneskapsførte i 2009 var unormalt høge. Dette skuldast i hovudsak stor produksjon hos gruveselskapet Store Norske Spitsbergen Kulkompani i 2008. Venta inntekt i 2011 er om lag 8 mill. kroner.

Post 72 Utmålsgebyr, årsavgift

Utmål er eit avgrensa område der utmålshavaren for ein gitt periode har einerett til å utnytte geologiske ressursar. Inntektene under denne posten er knytte til avgift ved krav om og vidareføring av utmål som er nedfelte i Bergverksordninga. Årsavgifta for å vidareføre eit utmål er 6 000 kroner.

Per januar 2010 vart det vidareført 376 utmål, av desse 218 avgiftspliktige.

Med bakgrunn i fredinga av delar av Svalbard i 2003 har Nærings- og handelsdepartementet, i samråd med dei andre departementa dette vedkjem, redusert avgifta for utmål som ligg i verna område. Det er ikkje rimeleg å krevje full avgift når vernet fører til at aktivitet i utmåla ikkje kan gjennomførast. Utmålsavgifta er sett til 1 500 kroner i året per utmål. Dette gjeld 50 utmål. For utmåla i Øvre Reindalen skal det framleis betalast full avgift då det er opna for bergverksaktivitet i desse utmåla.

Det er lagt til grunn at ingen avgiftspliktige utmål går ut i forslaget til budsjett for 2011.

Kap. 3035 Tilskot frå statsbudsjettet

Post	Nemning	(i 1 000 kr)		
		Rekneskap 2009	Saldert budsjett 2010	Forslag 2011
70	Tilskot	-297 841	112 977	91 086
	Sum kap 3035	- 297 841	112 977	91 086

Dette inntektskapitlet tilsvarer det tilskotet som er foreslått løyvd på Justisdepartementets budsjett kap. 480 Svalbardbudsjettet post 50 Tilskot. Løyvinga skal dekkje underskotet på svalbardbudsjettet. Skatteinntektene på Svalbard var unormalt

høge i 2009, jf. omtale under kap. 3030. Dette har gitt eit positivt resultat som inneber at svalbardbudsjettet ikkje har motteke tilskot, men tilbakeført midlar til statskassen i 2009.

Justis- og politidepartementet

t i l r å r :

1. I Prop. 1 S om Svalbardbudsjettet for år 2011 blir dei summane førde opp som er nemnde i eit framlagt forslag:

a. Sum utgifter	Kr	266 886 000
b. Sum inntekter	Kr	266 886 000

Forslag
**til vedtak om løying av utgifter og inntekter
for administrasjonen av Svalbard for budsjettermen 2011**

I

Utgifter:

Kap.	Post	Svalbardbudsjettet	Pr. post	Sum kap
			Kr	Kr
0001		Svalbard kyrkje		
	01	Driftsutgifter	4 011 000	4 011 000
0002		Tilskot til kulturelle formål m.m.		
	70	Tilskot til velferdsarbeid på Svalbard	960 000	960 000
0003		Tilskot til Longyearbyen lokalstyre		
	70	Tilskot til Longyearbyen lokalstyre	108 176 000	108 176 000
0004		Tilskot til Svalbard museum		
	70	Tilskot til Svalbard museum	5 825 000	5 825 000
0005		Sysselmannen (jf. kap. 3005)		
	01	Driftsutgifter	31 900 000	31 900 000
0006		Sysselmannens transportteneste (jf. kap. 3006)		
	01	Driftsutgifter	76 775 000	76 775 000
0007		Tilfeldige utgifter		
	01	Driftsutgifter	4 000 000	4 000 000
0009		Kulturminnetiltak		
	01	Driftsutgifter	2 175 000	2 175 000
0011		Direktoratet for mineralforvaltning med Bergmeisteren for Svalbard		
	01	Driftsutgifter	1 429 000	1 429 000
0017		Refusjon til Norsk Polarinstitutt		
	50	Refusjon	2 950 000	2 950 000
0018		Fyr og radiofyr		
	01	Driftsutgifter	3 675 000	3 675 000
0019		Statens bygninger på Bjørnøya og Hopen		
	01	Driftsutgifter	6 300 000	6 300 000

Kap.	Post	Svalbardbudsjettet	Pr. post	Sum kap
			Kr	Kr
0020		Statens bygningar i Longyearbyen (jf. kap. 3020)		
01		Driftsutgifter	11 750 000	11 750 000
45		Større utstyrssinnkjøp og vedlikehald, <i>kan overførast</i>	4 100 000	4 100 000
0022		Likningsforvaltninga for Svalbard		
01		Driftsutgifter	2 860 000	2 860 000
		Sum Svalbardbudsjettet		
		Sum departementets utgifter	266 886 000	266 886 000

Inntekter:

Kap.	Post	Svalbardbudsjettet	Pr. post	Sum kap
			Kr	Kr
3005		Sysselmannen (jf. kap. 5)		
01		Diverse inntekter	200 000	200 000
3006		Sysselmannens transportteneste (jf. kap. 6)		
01		Leigeinntekter	900 000	900 000
3020		Statens bygningar i Longyearbyen (jf. kap. 20)		
01		Inntekter	3 600 000	3 600 000
3030		Skattar og avgifter		
70		Skattar m.m.	162 000 000	162 000 000
71		Utførselsavgift	8 000 000	8 000 000
72		Utmålsgebyr, årsavgift	1 100 000	1 100 000
3035		Tilskot frå statsbudsjettet		
70		Tilskot	91 086 000	91 086 000
		Sum Svalbardbudsjettet		
		Sum departementets inntekter	266 886 000	266 886 000

Forslag

til vedtak om formues- og inntektsskatt mv. til Svalbard for inntektsåret 2011

II

§ 1 Bruksområde for vedtaket

Dette vedtaket gjeld utskriving av skatt på formue og inntekt for inntektsåret 2011 etter føresegnene i lov av 29. november 1996 nr. 68 om skatt til Svalbard. Vedtaket gjeld også som grunnlag for utskriving av forskot på skatt for inntektsåret 2011, jf. lov om skatt til Svalbard § 5-1.

§ 2 Skatt på formue

Skatt på formue blir utrekna etter desse satsane:

a. Personleg skattepliktig og dødsbu:

Det blir nytta same satsar og grensebeløp som Stortinget har vedteke skal gjelde på det norske fastlandet for formuesskatt til staten og kommunane (maksimumssats)

b. Selskap og samanslutning som nemnt i skattelova § 2-36 andre ledd, og som ikke er fritekne etter skattelova kapittel 2:

Det blir nytta same satsar og grensebeløp som Stortinget har vedteke skal gjelde på det norske fastlandet for formuesskatt til staten.

§ 3 Skatt på inntekt

Skatt på inntekt blir utrekna etter desse satsane:

a. Inntekt som blir skattlagt ved lønnstrekk etter svalbardskattelova § 3-2:

Låg sats: 8 pst.

Høg sats: 22 pst.

b. Anna inntekt: 16 pst.

Personlege skatteytarar skal ha eit frådrag i alminneleg inntekt som omfattast av b. på 20 000 kroner.

§ 4 Avrundningsreglar

Ved utrekning av skatt skal formue og inntekt avrundast nedover til nærmeste heile krone.

§ 5 Normalrentesatsen for rimeleg lån i arbeidsforhold

Normalrentesatsen som nemnd i skattelova § 5-12 fjerde ledd, jf. svalbardskattelova §§ 3-1 og 3-2, skal vere den same som Stortinget har vedteke skal gjelde på det norske fastlandet.

§ 6 Inntekt etter svalbardskattelova § 6-3

For inntekt som blir skattlagt etter svalbardskattelova § 6-3, skal satsen vere 2 pst.

**Forslag
til vedtak om bestillingsfullmakt
for budsjettermen 2011****III****Bestillingsfullmakt**

Stortinget samtykkjer i at Justisdepartementet i 2011 kan bestille varer for inntil kr 3 mill. ut over den totale løyvinga som er gitt under kap. 5, post 01 på svalbardbudsjettet.

**Forslag
til vedtak om meirinntektsfullmakt
for budsjettermen 2011****IV****Meirinntektsfullmakter**

Stortinget samtykkjer i at Justisdepartementet i 2011 kan overskride løyvinga under

1. kap. 5, post 01, tilsvarende det inntektsførte beløpet under kap. 3005, post 02
2. kap. 6, post 01, tilsvarende det inntektsførte beløpet under kap. 3006, post 02

**Forslag
til vedtak om meirinntektsfullmakt
for budsjettermen 2011****V****Meirinntektsfullmakt**

Stortinget samtykkjer i at Fornyings-, administrasjons- og kyrkjedepartementet i 2011 kan overskride løyvinga under

1. kap. 20, post 01, tilsvarende inntekter utover vedteke budsjett på kap. 3020, post 01.

Forslag

til vedtak om avgift av kol som blir utført frå Svalbard for budsjetterminen 2011

VI

For budsjetterminen 2011 skal det svarast avgift til statskassen av kol som blir utført frå Svalbard, etter følgjande satsar:

1,0 % av verdien for dei første 100 000 tonna,
0,9 % av verdien for dei neste 200 000 tonna,
0,8 % av verdien for dei neste 300 000 tonna,

0,7 % av verdien for dei neste 400 000 tonna,
0,6 % av verdien for dei neste 500 000 tonna,
0,5 % av verdien for dei neste 600 000 tonna,
0,4 % av verdien for dei neste 700 000 tonna,
0,3 % av verdien for dei neste 800 000 tonna,
0,2 % av verdien for dei neste 900 000 tonna.
0,1 % av verdien for dei neste 1 000 000 tonna.

Vedlegg 1

Oversikt over forslag til utgifter på Svalbard som blir dekte over statsbudsjettet for 2011

Kap.	post		(1000 kr)		
			Rekneskap 2009	Saldert budsjett 2010	Forslag 2011
<i>Kunnskapsdepartementet</i>					
231 ¹	60	Barnehagar	10 618	9 443	
281	74	Fellesutgifter til universitetet og høgskular – tilskot UNIS	82 183	89 553	
281	71	Fellesutgifter til universitetet og høgskular – tilskot UNIS			97 217
283 ²	50	Meteorologisk institutt, drift av stasjonane på Bjørnøya og Hopen	13 266	13 823	15 970
285 ³	52	Noregs forskingsråd	22 700	20 000	35 000
286 ⁴	50	Fondet for forsking og nyskaping, satsing på polarklimaforskning	21 200	21 000	13 000
<i>Kulturdepartementet</i>					
320 ⁵	74	Tilskot til faste tiltak under Norsk kulturråd – kulturtiltak på Svalbard	150	157	
326	78	Forskjellige faste tiltak	258	266	274
335 ⁶	71	Produksjonstilskot	410		
328	70	Det nasjonale museumsnettverket – Svalbard museum	1 089	1 124	1 559
<i>Kommunal- og regionaldepartementet</i>					
502	01	Valutgifter	51	0	55
552	72	Nasjonalt samarbeid for regional utvikling	829	0	0
<i>Helse- og omsorgsdepartementet</i>					
732 ⁷	75	Tilskot Helse Nord RHF	23 500	24 400	25 400
<i>Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet</i>					
844 ⁸	70	Kontantstøtte		16	16
845	70	Barnetrygd		7 013	7 204
854 ⁹	21	Tiltak i barne- og ungdomsvernet	1 198	1 000	1 000
<i>Nærings- og handelsdepartementet</i>					

			(1000 kr)		
Kap.	post		Rekneskap 2009	Saldert budsjett 2010	Forslag 2011
937	71	Tilskot Svalbard Reiseliv AS	2 100	2 100	2 100
953	70	Tilskot Kings Bay AS	15 700	15 000	15 000
<i>Miljøverndepartementet</i>					
1400		Spesielle driftsutgifter	1 250	1 200	6 250
1410 ¹⁰		Polarforskning og miljøovervaking	15 000	14 000	14 000
1427		Direktoratet for naturforvalting	1 300	1 300	2 400
1441		Klima- og forureningsdirektoratet	1 000	1 000	
1465		Statens kartverk	21 721	23 468	24 000
1471		Norsk Polarinstitutt	73 000	79 000	84 000
<i>Fornyings-, administrasjons- og kyrkjedepartementet</i>					
2445	24	Svalbard kyrkje	54	300	410
2445	24	Meteorologiske stasjonar, Bjørnøya	4 204	950	2 500
2445	24	Meteorologiske stasjonar, Hopen	15	20	210
2445	24	Sverdrupstasjonen, Ny-Ålesund	559	40	320
2445	24	Svalbard Forskingspark	1 280	700	1 360
2445	24	Kjell Henriksen-observatoriet	345	170	490
2445	24	Svalbard globale frøkvelv	36	30	140
<i>Arbeidsdepartementet</i>					
640	01	Arbeidstilsynet	329	376	380
<i>Justisdepartementet</i>					
451	01	Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap	251	290	313
Sum			315 596	327 739	350 568

¹ Tilskotet til drift av barnehagar er fra 2011 innlemma i svalbardbudsjettet.

² Kunnskapsdepartementet fastset ikkje budsjettet til drift av stasjonane på Bjørnøya og Hopen, og dei oppgitte tala er derfor anslag. Det er Meteorologisk institutt som fastset budsjettet.

³ Tala for 2010 og 2011 er anslag. Auken for 2011 er knytt til nytt polarforskningsprogram.

⁴ Tala for 2010 og 2011 er anslag. Talet for 2010 gjeld i hovudsak løvingar til Det internasjonale polåret (IPY), direkte knytt til forsking på Svalbard. Talet for 2011 gjeld det nye polarforskningsprogrammet.

⁵ Tilskot 2011 vil bli fastsett av Norsk Kulturråd på eit seinare tidspunkt.

⁶ Beløpet under kap. 335 Pressestøtte, post 71 gjeld tilskot til Svalbardposten. Beløpet blir utrekna per oktober inneverande år med utgangspunkt i opplagstal.

⁷ Longyearbyen sjukehus er ein del av Universitetssjukehuset i Nord-Noreg HF i Helse Nord RHF. Talet for 2011 er førebels ikkje kjent og er derfor anslag.

⁸ Det finst førebels ikkje rekneskapstal for 2009 (NAV), då utbetalingane er knytte til heimstadkommunen.

⁹ Barnevernutgifter på Svalbard.


¹⁰ Beløpa er overslag over kor stor del av ei større løying som gjeld tiltak på Svalbard.

Vedlegg 2

Oversikt over forslag til inntekter til Svalbard som inngår i statsbudsjettet for 2011

		(1000 kr)		
Kap.	post	Rekneskap 2009	Saldert budsjett 2010	Forslag 2011
<i>Fornyings-, administrasjons, og kyrkjedepartementet</i>				
2445 ¹	24	Statsbygg, leigeinntekter	50 985	51 360
3451	01	<i>Justisdepartementet</i>		
		Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap	145	145
		Sum	51 130	51 505
				51 514

¹ Husleige i form av avkastning på kapital (Investeringar med Statsbyggs fullmaktsmidlar på Svalbard).

Vedlegg 3**Kart over Svalbard**

Figur 3.1 Kart over Svalbard

Offentlege institusjonar kan tinge fleire
eksemplar frå:
Servicesenteret for departementa
Internett: www.publikasjoner.dep.no
E-post: publikasjonsbestilling@dss.dep.no
Telefon: 22 24 20 00

Opplysningar om abonnement, laussal og
pris får ein hjå:
Fagbokforlaget
Postboks 6050, Postterminalen
5892 Bergen
E-post: offpub@fagbokforlaget.no
Telefon: 55 38 66 00
Faks: 55 38 66 01
www.fagbokforlaget.no/offpub

Publikasjonen er også tilgjengeleg på
www.regjeringa.no

Trykk: Lobo Media AS 10/2010

